Det er registrert 17 trekullmiler rundt Tovmoen. Disse milene er opp til 10 m i tverrmål og har såvidt vi kan se, vært i bruk i forbindelse med kopperframstilling i nærområdet. Det var et kopperverk i nabodalen Endalen i drift på 17-1800-tallet, og avstanden til andre kopperverk i Holtålen er forholdsvis kort. Tufter etter milevoktere ligger like ved mila vist på bildet Figur 2.12.

Figur 2.12. Trekullmile inne på vollen til Storbekksetra. Trekullproduksjonen har trolig sammenheng med koppersmelting i regionen på 17-1800 tallet. Foto: L. F. Stenvik.

I 2010 ble det tatt ut flere dateringsprøver av jernframstillingsanlegg rundt Tovmoen som ikke hadde vært datert tidligere. Dette ville vi ha oversikt over, ettersom vi ville undersøke om uttak av furu i forbindelse med jernframstillingen hadde vært bærekraftig. Dateringene forsterket de prognosene vi hadde på forhånd. Anleggene var både fra eldre jernalder og fra yngre jernalder

Ved Bakksetra innerst i Synnerdalen ble det funnet ei fangstgrav i utkanten av seterområdet i 2009. Den ble målt opp og i 2010 forsøkte vi å hente ut daterbart materiale fra kanten av gropa. Det ble gjort av Kristin Fosnæs og Lars F. Stenvik. Det var imidlertid uråd å finne organisk materiale som kunne avsløre gropas alder.

Lab. Nr.	Lokalitet	Objekt	Treslag	Alder i ^{14}C år BP	Kalibrert alder
Tra-1600	Storbekken V	Trekullager	Ikke bestemt	1215 ± 35	AD 775-885
Tra-1882	Tovmoen III	Slaggvarp	Ikke bestemt	1695 ± 25	AD 340-405
Tra-1883	Tovmoen V	Trekullforråd	Ikke bestemt	1320 ± 25	AD 670-755
Tra-1884	Tovmoen VII	Slaggvarp	Ikke bestemt	1000 ± 25	AD 1015-1030

Figur 2.13. Oppmåling av fangstgrav på Bakkvollen innerst i Synnerdalen. Foto: L.F.Stenvik.

2.4. Referanser:

Austrheim, G., Brattli, T., Solem, T. & Stenvik, L. 2010. Landskap i endring – det lange tidsperspektivet. – Spor nr 2. 2009.

Farbregd, O. 1976. Tjøremiler i myr, ei ny arkeologisk funngruppe. – Heimen 1976, nr 1.

Farbregd, O. 1977. Miletufter og reiskapar frå tjørebrenning i myr. – Årbok for Norsk Skogbruksmuseum., nr 8.

Farbregd, O. 1989. Tjørebrenning – ein enkel, men spennande kunst. – Spor 1989 nr 1.

Espelund, A. & Stenvik, L.F. 1993. Ironmaking during the Roman Iron Age in Mid-Norway. The bloomery site Storbekken I in Budalen. An archaeometallurgical study. – s 123-147 i Espelund, A.: Bloomery Ironmaking during 2000 years III.

Espelund, A. 2005. Bondejern i Norge. Ny utgave. Arketype forlag.

Stenvik, L. F. 1982: Verneplan for vassdrag. Arkeologiske kulturminner i Gaulavassdraget, Sør-Trøndelag. – Rapport arkeologisk serie 1982:3. 151 s.

Stenvik, L. 1983: En sørsamisk offerplass ved Forollsjøen mellom Hedmark og Sør-Trøndelag. – Samer i sør. Saemijen Sijte Årbok 1982/83. s 87-91.

Stenvik, L. F. 1989. Tovmoen i Budal – et fysisk arkiv om utmarka langt bakover i tid. – Spor 1 1989. s 4-7.

Stenvik, L. F. 1990. Jernvinna i Midt-Norge. – Heimen 4-1990. s 209-218.

Stenvik, L. F. 1991. Lavteknisk jernframstilling i Trøndelag. Forskningsstatus og perspektiv. Arkeo-metallurgi. – Rapport Arkeologisk serie 1991-1. Red L F Stenvik. Trondheim s 9-31.

Stenvik, L. F. 1992. Iron production and economic booms during 2000 years. – s 100-115 i Espelund, A.: Bloomery Ironmaking during 2000 years I.

3. Budalen: nyare kulturhistorie
Aud Mikkelsen Tretvik

3.1. Innleiing

Denne delen av prosjektet har sett på både materiell og immateriell kulturarv med basis i eit breitt spekter av kjeldemateriale. Tidsperioden for undersøkinga har vore 1600-talet til notid, med hovudvekt på dei siste ca. 200 åra. I avsnittet om nærings- og driftsutvikling er resultat frå dei arkeologiske og vegetasjonshistoriske undersøkingane drøfta opp imot haldepunkt frå skriftlige og munnlige kjelder frå tidlig-moderne og moderne tid.

3.2. Tema og problemstilling

Tema for dette prosjektet har vore kultur- og naturarv i landskapsvernområde med formål å skape eit betre kunnskapsgrunnlag for forvaltning av desse verdiane. Prosjektet tok utgangspunkt i eit langt tidsperspektiv, dette for å handtere spesifikke vernespørsmål knytt til naturlige og kulturelle variasjonar og for å bidra til retningslinjer for forvaltning og vern i eit langtidsperspektiv. Målet har vore å presentere ein grov kronologi basert på ei rekke faglige tilnærmingar: paleoøkologi, arkeologi, historie, etnologi og økologi. Sett frå kulturfaga spesielt har målet vore å kartleggje og vurdere betydinga av forskjellige menneskelige aktivitetar over tid.

Problemstillinga for denne delundersøkinga blir da nærare presisert:

Kva påverknad har ulik menneskelig aktivitet, direkte og indirekte via husdyr, hatt på vegetasjon og landskap, på kva måte har denne aktiviteten variert over tid, og korleis kan aktiviteten og variasjonane i han forklarast?

3.3. Perspektiv på forvaltning av kulturarv i landskapsvernområde

Arbeidet i denne delundersøkinga er gjort ut frå to hovudperspektiv: eit miljøhistorisk perspektiv og eit hushaldsperspektiv/brukarperspektiv. Eit miljøhistorisk perspektiv på kulturarv inneber å sjå natur og menneske i gjensidig påverknad. Naturen har gitt visse føresetnadar for menneskelig bruk, det vere seg hausting, utvinning, oppdemming, dyrking og bygging. Den menneskelige bruken har i sin tur bidratt til å omforme naturen meir eller mindre. Eit omfattande haustingsregime påverkar både vegetasjonen, jordbotnen og landskapsbildet. Utvinning av mineral sett spor i både den uorganiske ressursen og i det organiske miljøet ved uttak av energikjelder og byggjematerialе. Dei menneskelige spora – kulturspora – i naturen inneber at kulturarven er intimt forbunde med naturarven.

Ressursbruken har vore dynamisk i den forstand at den både har ekspandert og gått attende, i tillegg til at det har variert kva for ressursar som har vore utnytta. Det kan ha vore eit samspel mellom menneske og miljø i både positiv og negativ forstand. Eit døme på det som innafor dagens paradigme blir sett som positivt, er slåttebruket, som har framelska spesielle planter. Eit negativt døme kan vere snauhogster i samband med gruvedrift. Landskapsbildet til ulike tider har reflektert ulike stadium i ekspansjon eller kontraksjon av ressursbruken.

Delar av ressursbruken kjem inn under energimetabolismen.[1] Ulike former for energi kan takast ut av det enkelte utmarksområdet: fôr til krøtter som i si tid skal gi mat, det vil seie, energi til menneske, eller trekkraft for menneskelig bruk, brensel som skal gi varme og energi til tekniske prosessar, vasskraft som gir teknisk energi og sjølvsagt også vekstar som kan takast direkte i bruk til menneskelig føde utan omdanning via krøter, og endelig vilt og fisk som blir tatt ut til menneskeføde.

Energimetabolismen har til tider vore svært høg og var etter alt å dømme på det høgaste rundt førre hundreårsskiftet, medan han i nyare tid har gått attende. Tilbakegangen har vore allsidig og omfattande. Utnyttinga av utmarksfôret har gått attende både ved beiting og slått, hogsten er redusert totalt sett og enda meir redusert målt i høve til tilveksten. Sanking av bær er det også mindre av no til dags. Det som faktisk har vore tilfelle i dei seinare tiåra, er at det har blitt tilført energi til utmarksområda i form av fossilt brensel til transport, til prosessering av råvarer (m.a. mjølking og kjøling), og til oppvarming. Mange stader er det også elektrisitetsforsyning, der energikjelda i hovudsak er vasskraft produsert ein annan stad. Det hender til og med at ved blir skaffa fram frå andre område og køyrt til sætra eller fritidsbustaden. Solenergi blir dessutan nytta meir direkte enn via fotosyntesen i planteproduksjonen, nemlig ved solfangarar og akkumulering i form av strøm på batteri.

[1] Straumen av energi og stoff i eit samfunn kallast *sosial metabolisme* og kan delast inn i energimetabolisme og metabolisme for ulike stoff. For meir innføring i dette feltet, sjå t.d. Krausmann 2004 og 2005, og Tello 2006 og 2008.

Figur 3.1. Ljåslått på Brandeggvollen ca. 1940. Vollen vart slått med ljå inntil motorslåmaskin kom i bruk (1957). Fôrmengda på sjølve sætervollen tilsvarte 3 vinterlass (ca. 370 kg). Informant/eigar: Berit Brandegg og Jon Brandegg. Foto: Trøndelag Folkemuseum, ref.nr. 48602.

Hushaldsperspektivet/brukarperspektivet er kompletterande til det miljøhistoriske perspektivet. Hushaldet kan vere stort eller lite og kan bestå berre av kjernefamilie eller av utvida familie, men det er innafor desse rammene at folks strategiar når det gjeld ressursbruk og strev for å skaffe seg eit levebrød, må sjåast. Folk dreiv ikkje i slåtten eller i skogen for moro skyld, dei gjorde det fordi hushaldet hadde behov for fôr til krøttera og varme i husa. På same vis kunne dei la vere å drive i utmarka viss anna aktivitet gav større tilskot til levebrødet i høve til innsatsen. Viss til dømes det å ta seg arbeid utafor garden gav så gode pengeinntekter at det til samanlikning ikkje vart rekningssvarande å drive med utmarksbruk, ville det stille folk ovafor eit avgjerande val.

Det levebrødet ein husstand av ein bestemt storleik har behov for, har ikkje vore det same over tid. Mange har livnært seg på plassar "der ingen skulle tru at nokon kunne bu", ved eit mangesysleri og ei sinnrik utnytting av alle tilgjengelige ressursar. Men levekårs- og velstandsutvikling inneber at dei ressursane som kunne livnære ein husstand i tidligare generasjonar, ikkje utan vidare gjer det i dag.

Når husstandar vurderer muligheitene for eit tilfredstillande levebrød, blir det sjølvsagt tatt omsyn til tidas behov og standardar. Tilfredsstillande økonomisk basis gjennom eigen produksjon og inntening i kombinasjon med eventuelle offentlige tilskotsordningar vil vere ein føresetnad.[2] Begrepet "tilfredsstillande" kan sjølvsagt vere tøyelig, men viss til dømes den yngre generasjon på ein gard finn ut at dei kan få eit enklare og betre liv ved å flytte og skaffe seg inntektsgivande arbeid ein annan stad, vil ikkje gardsdrift med utmarksbruk bli oppretthalde. Korleis den enkelte husstanden vurderer framtidsutsiktene, er altså avgjerande for om det blir vidare drift eller ikkje, og for kva omfang og type produksjon det eventuelt blir lagt opp til.

[2] Tidligare kunne barn til oppfostring vere ei inntektskjelde. Dette var det eit visst omfang av i Budalen på 1800-talet.

Figur 3.2. Dette bildet kan illustrere dei sosiale og kulturelle verdiane forbundne med livet på sætra. Her er folk samla rundt bordet på Nordistuvollen ein søndag i august 1939. Rundt bordet sit frå venstre Inga Brobakk, Oline Storli m. Olav på fanget (frå Nordpågardsvollen), Berit Bjerkenås (Nordstuvollen), Ingeborg Budal (Knuthaugvollen), Hjørdis Korsen, Ingrid Lillebudal (Elevsgjerdevollen), Kjersti Lillebudal (Nordistuvollen), Marit Storlimo (Bergvollen), Berit H. Storli, Ingeborg O. Lillebudal og Ola A. Lillebudal. Peder T. Storli står ved grammofonen. I bakgrunnen ser ein Elevsgjerdevollen t.v. og Knuthaugvollen t.h. Informanten Inga Brobakk (onnataus på Storli) hadde sykla innover dalen, og på Nordistuvollen var sætertausene bedne saman på kaffe. Det vart servert brød, vaflar, gøbb og rømme. Peder Toresen var som sedvanlig møtt opp og underheldt med musikk. Informanten hugsar platetitlar som: "Livet i Finnskogen" og "Gjøkvalsen". Seterbua på Nordistuvollen var raudmåla da fotografiet vart tatt. Bua vart øydelagt av jordras i 1940. Bildet er tatt av Arne Brobakk. Foto: Trøndelag Folkemuseum, ref.nr. 46587.

Mange hushald vil likevel trekke inn meir enn økonomiske verdiar i reknestykket sitt. Tilhøyrigheit til lokalsamfunn og til kultur- og naturarv har betyding som ikkje kan reknast om i pengar, men som inntil eit visst punkt kan vegast opp imot økonomisk utkomme i høve til arbeids- og kapitalinnsats.

Slik vekting av materielle og immaterielle verdiar kan sjåast i eit hushaldsperspektiv, nokre gonger kanskje også på rein individuell basis, men lokalsamfunnet kan her vere ein vel så nyttig innfallsvinkel. Dei lokale verdiane blir forstått i ein lokal kultur- og samfunnssamanheng. Det gir meining for fleire enn éin å flytte på sætra om sommaren, sjølv om det ikkje er rekningssvarande snevert økonomisk sett, kanskje tvert imot. Det gir meining fordi ein høyrer til i ein krets som tilskriv ei slik handling betyding, og fordi ein har hatt folk før seg som også har sett det på den måten. Men viss det ikkje gir meining verken individuelt eller kollektivt, og heller ikkje gir tilfredsstillande utbytte for hushaldet, vil oppretthalding av praksisar som held vedlike kultur- og naturarv i landskapsvernområde, ikkje lenger vere å forvente.

Hushald er ikkje berre del av lokale samfunn, men høyrer til i ein større samanheng. Det nasjonale og internasjonale utgjer ikkje noko hovudperspektiv i denne delundersøkinga og er dermed ikkje handsama eksplisitt, men det dannar eit viktig bakteppe når det gjeld å forklare viktige handlingar og hendingar. Det kan dreie seg om reguleringar og føringar frå regionale og sentrale styresmakter, det kan gjelde internasjonale avtalar og det kan dreie seg om marknadssituasjonen nasjonalt og internasjonalt.

Figur 3.3. Dugnad har vore ein viktig manifestasjon av lokalsamfunnet. Her er det taktekking – «tekkardona» - på Tovmoen i 1942. Torva vart pløgd opp med hest og plog og køyrd fram til huset på langvogn. Karane på taket la vekselvis never og torv. Nevra vart lagt i fleire lag og med yta ned. Skulle ein ha nok never til eit stort tak, måtte ein ofte løype never i fleire år. Nevra vart lagra i stablar med press oppå, kalla neverferje. Informant/eigar: Svein Tovmo. Foto: Trøndelag Folkemuseum, ref.nr. 46581.

3.4. Kjelder og metode

3.4.1. Avgrensings- og utvalsproblem

Sætre i Budalen har vore brukt av gardar både i sjølve Budalen og av gardar i Singsås og Støren. Støresbyggen har også hatt sætre i dei andre sokna i Støren prestegjeld, og singsåsbyggen har hatt sætre i Singsås i tillegg til dei i Budalen. Grensene for rettigheitsområdet blir derfor litt "trekkspelaktig", og det er til dømes vanskelig å rekne på forholdet mellom befolkning og ressursar. For Budalen landskapsvernområde (Budalen søndre og nordre allmenning) kan det i alle fall konstaterast at det i hovudsak er gardar i Budalen og Singsås som har hatt sæterbruk.

Eit anna avgrensingsproblem ligg i det at Budal landskapsvernområde er underavgrensa. Området er avgrensa etter allmenningsgrensene. Allmenningsgrensene speglar trulig skilnadar i rettigheits- og brukstilhøva i tidlig-moderne tid,[3] men gir eit misvisande inntrykk av dynamikken i området over eit lengre tidsrom. For å få ei heilskaplig forståing av kultur- og naturarv burde strekningar utafor landskapsvernområdet der ein har viktige observasjonar av kultur- og naturfenomen, innlemmast i verneområdet.

3.4.2. Munnlige kjelder

Førstegongs intervju (halvstrukturert, kvalitativt) vart gjennomført hausten 2009 der 12 masterstudentar i kulturminneforvaltning (namneliste vedlagt) medverka i planlegging og gjennomføring med i alt ti informantar. I forkant av intervjuarbeidet hadde heile studentgruppa saman med førsteårs studentar på bachelorprogrammet i kulturminneforvaltning deltatt på ekskursjon til landskapsvernområdet.

Intervjua fann stad på Midttun i Budalen 13.11.2009 og vart gjort som notatintervju. På bakgrunn av intervjua skreiv studentane ei oppgåve der dei drøfta korleis undersøke kulturarv gjennom kvalitativt intervju: "Om bruken av kvalitativt intervju ved undersøking av kulturminne i landskapsvernområde." Desse oppgåvesvara gir mange nyttige metodiske refleksjonar.

[3] Storbudalingane hadde etablert seg med slåtteområde i Storbekklia, og dette må på eit tidspunkt ha blitt utdefinert av allmenningen.

Figur 3.4. Storbekklia ligg utafor verneområdet. Her har budalsgardane hatt slått frå langt attende. Denne løa kallast Floslåttløa og tilhøyrer gardsbruket Teigen (173/3). Løa var i bruk til innpå 1950-talet. Bildet er tatt 2010. Foto: Aud Mikkelsen Tretvik.

Figur 3.5. Storbekkøya museumssæter under arrangementet «Setersmak» 5.7.2009. Ass. landbruksdirektør Kiel ved mikrofonen. Foto: Aud Mikkelsen Tretvik.

Figur 3.6. Ingrid Steinsmo Grimsrud gjer intervju med Ottar Rønningsgrind på Midttun 13.11.2009. Foto: Aud Mikkelsen Tretvik.

Intervjuobjekta var blitt søkt ut ved hjelp av ulike kontaktar, mellom anna ved deltaking på arrangementet "Setersmak" 5.7.2009. Det viktigaste utvalskriteriet var at dei dreiv eller hadde drive sæter- og utmarksbruk i Budalen. Det vart også lagt vekt på å få med både kvinnelige og mannlige informantar (informasjonsbrev, intervjuavtale og intervjuguide vedlagt).

Andre gongs intervju vart gjennomført hausten 2010 og våren 2011 av Aud Mikkelsen Tretvik. Intervju med to av personane er gjort som registreringar i samband med synfaringar. Tre av informantane frå hausten 2009 kunne av ulike grunnar ikkje stille opp til andre gongs intervju. Av dei opphavlig ti personane vart da fem personar intervjua andre gong, denne gongen med digitale lydopptak. I tillegg er to nye personar intervjua. Den eine av desse vart forhindra frå å stille opp til intervju første gong, og den andre var bror til ein informant frå første runde. Den nye informanten kom med supplerande informasjon til dei same spørsmåla som vart stilt til broren. Lydopptaka er transkribert.

Spørjeliste om hogst og bruk av ved er utarbeidd. Spørjelista inngår som nr. 233 hos Norsk Etnologisk Gransking (infobrev og spørjeliste vedlagt). 59 svar var komme inn per august 2011, derav tre med tilknyting til Budalen og ein med tilknyting til ei nabobygd. Enkelte av svara frå den siste medarbeidaren er utnytta da dei synest å belyse forhold i eit større distrikt, det vil seie, dei synest å ha relevans for Budalen. 17 personar med tilknyting til Budalen vart oppmoda til å delta på denne undersøkinga, seks kvinner og elleve menn. Ingen av kvinnene sa ja. Seks av mennene gav positivt svar til å delta, men med tre innsendte svar vart svarprosenten berre 50. Materialet utgjer i alle fall eit interessant tilfang til vedforsyningas kulturhistorie på landsbasis.

3.4.3. Skriftlige primærkjelder

Landkommisjonens jordebok av 1661 er lese kritisk med formål å prøve og identifisere mulig utmarksbruk i Budalen. Prøvematrikkelen 1723 er gjennomgått for å registrere oppgitt sæter- og slåttebruk. Vidare er folketeljingane 1769, 1801, 1865, 1875 og 1900 gjennomgått og systematisert med omsyn til befolknings- og driftsforhold. Jordbruksteljingane 1907, 1917, 1929, 1939, 1949

og 1959 er nytta i statistisk utgåve. Materiale om sæterbruket frå Institutt for samanliknande kulturforsking er nytta for å få ein driftsoversikt for første del av 1900-talet. Dette materialet er for Budalens vedkommande registrert av utskiftingsformann Joh. Bakken i 1934 og ajourført 1944/45, og det synest ut frå hans lokalkunnskap å ha høg påliteligheit som kjeldemateriale.

Materiale registrert i samband med rapporten *Seterlandskapet i Budalen og Endalen, Midtre Gauldal, Midt-Norge – Kulturhistoriske og økologiske forhold i fjellets kulturlandskap* er også granska kritisk med tanke på å kartleggje bruksforhold i landskapsvernområdet.

3.4.4. Andre skriftlige kjelder

Bygdebøkene for Budalen og Singsås er brukt for å skaffe informasjon om gards- og sæterbruk. Også verket *Norges bebyggelse* har vore nytta for å skaffe haldepunkt om bruk og befolkning. For oversikt over desse verka og annan litteratur, sjå litteraturlista.

3.4.5. Fysiske kjelder

Alle SEFRAK-bygg i landskapsvernområdet og, med eit par unntak, også alle SEFRAK-bygg i det tilgrensande slåtteområdet Storbekklia er kontrollregistrert. Kontrollregistreringa inneber ei enkel tilstandsvurdering i dei fire kategoriane *god stand*, *byrjande forfall*, *framskride forfall* og *ruin/borte*. I tillegg til vurderinga er alle bygningar blitt fotograferte. Kontrollregistreringa av fysiske kulturminne illustrerer tydelig korleis landskapsvernområdet er underavgrensa, da det i Storbekklia utafor verneområdet er ei rekke SEFRAK-bygg som er av stor kultur- og naturhistorisk interesse.

Kontrollregistreringane er dels gjort ved hjelp av studentar på emnet bygningsvern innafor bachelorprogrammet i kulturminneforvaltning (namneliste og kontrolliste vedlagt). Studentarbeidet vart utført 14.9.2010.

Lokalkunnskap er viktig ved registrering i terrenget som i dette tilfellet ved registrering av SEFRAK-bygg. Dels kan dei opphavlige SEFRAK-skjema vere mangelfullt utfylt slik at det er litt få haldepunkt til identifikasjon av bygningane, dels er fotografia på skjema av dårlig kvalitet og er dermed til mindre hjelp, og endelig kan bygningen naturligvis vere så forandra eller til og med utradert så den ikkje lar seg gjenfinne. Det kan da by på problem å lokalisere dei enkelte objekta.

For å avhjelpe desse problema har lokale heimelsfolk medverka både før, under og etter kontrollregistreringane. Dei viktigaste støttespelarane har vore Berit Broen, Torleif Enlid og Aril Røttum.

Den første utfordringa var å skilje ut dei bygningane som høyrer til i landskapsvernområdet frå resten av den kretsen som Synnerdalen høyrer til i, nemlig Kjønnås krets. Berit Broen, Statens naturoppsyn, hjelpte til med den jobben. I alt var det i kretsen 177 SEFRAK-registreringar, og vi fann ut at av desse høyrer minimum 79 til i landskapsvernområdet, og minimum 11 ligg i Storbekklia rett nord for området.

Broen var vidare med ved lokalisering av vollar og kontrollregistrering av bygningar 9.9.2010 og etterregistrerte også ein handfull bygningar ved eit seinare høve. Gardbrukar Torleif Enlid var med som lokalkjent ved kontrollregistrering i Storbekklia 16.9.2010. Ståle Solem har kontrollregistrert eit par objekt i Storbekklia. Aril Røttum ved Landbrukskontoret, Midtre Gauldal kommune, har hjelpt til med identifisering og lokalisering av fleire bygningar.

Marc Daverdin har stått for digitalisering av alle SEFRAK-bygg. Berre ein del av bygningane var å finne i digitale kartkjelder frå før av. Dette syner eit svakt punkt for miljøovervakinga. Det måtte gjerast ei rekke tilleggsregistreringar for å få alle SEFRAK-bygg inn som digital informasjon. Dette er gjort med assistanse av Røttum og Tretvik i ein serie arbeidsmøte: 26.10.2010, 20.1.2011, 9.3.2011 og 23.6.2011.

I samband med digitaliseringa er også alle stadnamn kontrollert slik at riktig namn er knytt til det enkelte objektet. Stadnamn er viktig immateriell kulturarv og bør ha like godt vern som materiell kulturarv. Det har dessverre ikkje vore knytt namnegranskarar til prosjektet, men ein har søkt å følgje reglane i Lov om stadnamn når det gjeld skrivemåten på namna.

Det er fleire utfordringar når det gjeld å bestemme namn på sætervollane. Same voll kan ha hatt fleire namn samstundes, eller kan ha hatt ulike namn gjennom tidene. Det kan vere skilnad på offisielle namn og lokale namn, vollar kan ha skifta namn fordi dei har skifta brukarar, namn eller hendingar knytt til enkeltbrukarar kan ha blitt kopla til ein voll for kortare eller lengre tid, og namn kan ha blitt forvanska ved overføring frå lokale heimelsfolk til mindre lokalkjente folk. Eit døme på det

Figur 3.7. Studentar i kulturminneforvaltning i arbeid med kontrollregistreringar av SEFRAK-bygningar på Bruavollen 14.9.2010. Foto: Anne Marie Valderaune.

siste kan vere Svennstu under den eine av Busetvollane som var blitt til Svenskstu i registreringane på 1990-talet. Slike feil kan skape store problem i lenking av materialet, det vil seie, knyting av informasjon frå ulike kjelder til ei og same eining.

For å få eit heilskaplig bilde av den menneskelige bruken i utmarka, er det viktig å registrere ulike typar spor. Andre fysiske kulturminne frå dei siste 2-300 åra enn bygningar er ikkje systematisk kartlagt og kontrollert i samband med arbeidet i marka – det har det dessverre ikkje vore kapasitet til. Det kan eksempelvis vere vegar, klopper og bruer, gjerde og stengsel, produksjonsanlegg og fangstinnretningar. Enkelte slike objekt kan likevel vere nemnt og kommentert i intervjua.

Figur 3.8. Øyavollan, Busetvollan og Sæterengvollan, trulig fotografert på 1960-talet. I kulturhistoriske registreringar for dette området har det vore litt rot med namnebruken. Bildet er frå mappe 150 i Lodgaardsarkivet. Eigar Midtre Gauldal kommune.

3.5. Resultat

3.5.1. Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga er ei av dei viktigaste drivkreftene i samfunnsutviklinga, og bruken av naturressursar blir påverka av storleiken på befolkninga. Budalen har opplevd store forandringar i folketalet frå mellomalderen gjennom tidlig-moderne til moderne tid. I høgmellomalderen var det spreidd busetnad. I seinmellomalderen låg Budalen som så mange fjellbygder aude. Når gjenryddinga starta, tok det seg sakte opp att. Av 31 gardar (Storrø er fråtrekt frå totalt 34 gardsnumer) er 15 å rekne som eldre rydningar og 16 som yngre.[4] Ved betaling av kvegskatten i 1657-58 vart det registrert 23 oppsittarar og 3 husmenn.[5] Viss ein reknar ein husstandsstorleik på mellom 5 og 6, blir det eit folketal på om lag 140.

Folketeljinga 1769 er den første som omfattar heile befolkninga i Noreg. Da er det registrert 214 personar busette i Budalen, og dei fordelte seg på 37 husstandar. Fram til 1801 auka folketalet med 92 personar til 306, det vil seie ein vekst i perioden på 43 %, tilsvarande 1,3 % vekst per år grovt rekna. Det må takast atterhald om talet for 1769 inkluderer Storrø-gardane. Viss dei manglar, er folketalet i 1769 høgare og veksten i perioden mindre. Det er grunn til å anta at veksten i nabosokna Singsås, Støren og Soknedal var på same nivå. Det var til saman 55 husstandar i 1801, deriblant nokre husmannsfamiliar. Det var frå 1til 5 husstandar på dei ulike gardane, og gjennomsnittsstorleiken blir 5,7 personar per husstand. I nabobygda Ålen var husstandsstorleiken 5,3 på denne tida, altså om lag på same nivå, og dette var ein nokså vanlig husstandsstruktur i perioden.[6]

[4] Sømark, s. 20.
[5] Sømark, s. 23.

[6] Tretvik 1998,s. 248.

År	Folketal	Tal på husstandar	Snittstorleik
1769	214[7]	37	5,8
1801	306[8]	55	5,7
1825	387[9]	?	?
1865	540[10]	123	4,4
1875	574[11]	112	5,1
1890	585[12]	?	?
1900	570[13]	99	5,8
1920	540[14]	?	?
1943	556[15]	?	?
1994	500 ca. [16]	?	?

Figur 3.9. Folketal Budalen 1769-1994.

Figur 3.10. Budalingar samla på Bjerklivollen i 1914 i samband med gravferd. Den avdøde er Gjertrud Bjerkli som var født i 1851. Informant/eigar: Gjertrud Bjerkli. Foto: Trøndelag Folkemuseum, ref.nr. 46551.

[7] Uklart om Storrø-gardane er rekna inn i denne folketeljinga. 1769-teljinga er berre numerisk, ikkje på namn.
[8] Storrø er ført under Støren sokn, men er rekna inn her. Utan Storrø er ft. 287.
[9] Sømark, s. 25.
[10] I alle fall 3 Storrø-gardar er ført under Støren sokn, men er rekna inn her. Utan desse gardane er ft. 521.
[11] I alle fall 3 Storrø-gardar er ført under Støren sokn, men er rekna inn her. Utan desse gardane er ft. 553.
[12] Sømark, s. 25.
[13] Ein Storrø-gard ser ut til å vere ført under Støren sokn, men er rekna inn her. Utan den garden er ft. 560.
[14] Sømark, s. 25.
[15] Sømark, s. 25.
[16] Olsson (red.) 1995, s. 10.

Omkring 1800 var det blitt fleire såkalla lausfolk. Det var ein samlekategori for folk utan eige gardsbruk. Nokre av desse var handtverkarar som skomakar og skreddar, andre gjekk i dagleige på gardane, nokre dreiv med fangst av vilt, og så var det eit fåtal tiggarar. Husmannsplassane auka i talet i første del av 1800-talet, noko som er eit generelt trekk i perioden. I 1825 var det 16 husmannsplassar og i tillegg 8 bygselbruk synst i Endalen. Det vart enda fleire fram mot midten av hundreåret, til det gjekk ned att i siste del av hundreåret på grunn av utflytting og utvandring.[17]

I 1865 var det i alle fall 540 personar registrert i Budalen, inklusive dei på Storrø-gardane. Dei fordelte seg på 90 gardsbruk med til saman 123 husstandar. Det var 25 éinpersonshusstandar og ein god del husstandar med mange medlem. Snittstorleiken på husstandane blir berre 4,4 personar, men når éinpersonshusstandane er halde utanom, blir snittstorleiken på 5,3. Nokre av dei einslige var kårfolk, andre var handverkarar av ymse slag. Trearbeid var det dominerande handverket, og ein kan trekke fram nokre eksempel. På Storøsætereggen losjerte Arnt Hansen, som var ein ugift, 24 år gammal trearbeidar. På Endal losjerte den ugifte Peder Olsen. Han var 39 år og dreiv også med trearbeid. På Enmo var det likeeins ein losjerande trearbeidar, Ole Larsen, også ugift, 41 år gammal. På Storbækken losjerte enkemann og koppsvarver Lars Pedersen på 64 år. På Storbudal losjerte Peder Svendsen som var ein yngre bror av husfaren. Denne Peder var ugift, 25 år gammal og snekkar. Det fanst også ein skomakar blant dei einslige, Erik Pedersen, som budde på Brandeggen. Han var 43 år og ugift.

I 1875 var folketalet 574 fordelt på 112 husstandar. Det gir ein husstandsstorleik i snitt på 5,1. Held ein éinpersonshusstandane (19) unna også her, blir snittstorleiken på 6. Av dei 112 hovudpersonane var 58 gardbrukarar og 26 husmenn, dei fleste med jord, men også nokre utan, Dei resterande 28 var diverse lause folk og handverkarar, både innafor tekstil-, tre-, smed- og skomakararbeid. Det var også eit par jegerar og ein føderådskar. Mange av husmennene og gardbrukarane hadde anna erverv ved sidan av. Trearbeid (25) er det tallmessig dominerande, men det finst mange andre yrke: snekker (8) skreddar (8), skomakar (9), smed (5), malar (2), korgmakar (1), messingsmed (1), handelsmann (1), kommunefunksjonær (1), kyrkjesongar (1), postberar (1), jernbanearbeidar (1) og jeger (3). I alt er 98 personar registrert med ulike andre erverv, enten som einaste erverv eller i tillegg til gards- eller plassbruk.

Ved hundreårsskiftet 1900 finn ein 570 personar registrert i Budalen, 89 gardsbruk med i alt 99 hushaldningar, og det er berre 3 éinpersonshusstandar. Snittstorleiken per husstand er på 5,8, presis som i 1769. Det at det no nesten ikkje finst registrert husstandar med berre éin person, kan naturligvis skuldast ein annan måte å registrere på, fordi det er fleire einslige losjerande i 1900. Desse liknar på dei som hadde eiga hushaldning i 1875, men dei er altså registrert som om dei gjekk i hop med kjernefamilien på garden.

Det ser ut til å ha vore ein topp i folketalet i 1890-åra, da det er bortimot dobla i høve til 100 år tidligare. Deretter er det ein nedgang frå hundreårsskiftet og fram gjennom mellomkrigstida. Så auka det på litt til slutten av 1940-talet, da det kulminerte og gjekk ned til det kom ned på rundt 500 på 1990-talet.

I Budalsprosjektet blir det påstått at folketalet har lege stabilt på ca. 500 personar dei siste 200 åra.[18] Dette ser ein er feil. Folketalet har lege på ca. 500 berre dei siste 150 åra. Rundt 1800 låg det som vist tidligare på rundt 300 og steig så kraftig i første halvdel av 1800-åra. At folketalet stig kraftig i denne perioden, er eit generelt trekk for heile landet, jamfør det som er sagt om auke i talet på husmannsplassar lengre fram. Det er når forholda stabiliserer seg etter Napoleonskrigane, at folketalet tar til å vekse kraftig, og da aukar det på landsbasis til det doble i løpet av 50 år.[19]

For å forstå dynamikken i gards- og sæterbruket er det viktig å kunne fastslå kva for periodar det er kraftig folkevekst. Det er ei klar auke mot slutten av 1700-talet, og så stig det til nye høgder frå om lag 1815 og framover. Det førte til vekst i talet på husstandar og behov for nye levebrød. Gardar vart delt, husmannsplassar oppretta, og ein var nøydd til å nyttiggjere seg alle tenkelige ressursar i heimemark og utmark. Det er i lys av denne befolkningsveksten ein må sjå ekspansjonen i slåtte- og sæterbruket.

[17] Sømark, s. 24.

[18] (http://www.disnorge.no/st/rota/r2000_02.pdf)

[19] Drake 1969, s. 42.

Figur 3.11. Dette bildet er tatt på Torvmoen ca. 1950. Denne garden vart rydda og buset først på 1800-talet, men det hadde vore næringsaktivitet i form av jakt, fangst, jernutvinning, køl- og tjurrubrenning i området langt attover i tid. Informant/eiga: Svein Tovmo. Foto: Trøndelag Folkemuseum, ref.nr. 46574.

3.5.2. Nærings- og driftsutvikling[20]

Dei arkeologiske og vegetasjonshistoriske delane av prosjektet har påvist spor av menneskelig bruk i fleire tidsperiodar fram mot tidlig moderne tid. Det har vore omfattande hogst av furu i nordlige delar av landskapsvernområdet i samband med jarnvinna som kan daterast til tre ulike periodar [Stenvik 2011], Det har også vore drive tjæreproduksjon og kølproduksjon. Både framstilling av tjære og køl har gått føre seg i tidlig-moderne tid med tyngdepunkt på 1600-, 1700- og 1800-talet [Stenvik 2011] Denne foredlinga av stubbar og anna trevirke var i hovudsak ein marknadsdrive produksjon, delvis retta mot den nære marknaden, i alle fall i første omgang, da det var etterspurnad etter køl ved kopparverket i Endalen, og delvis mot meir fjerne marknadar. Det siste gjaldt særlig tjære, som var ei ettertrakta vare internasjonalt.

Frå vegetasjonshistoria har ein indikatorar på jegerars tilfeldige opphald langt attende i tid [Solem 2011]. Det er også tydelige spor etter menneskelig opphald med innslag av husdyr som kan knytast til jarnvinna lengst nord ved Storbekkøya. Dei vegetasjonshistoriske undersøkingane viser spor av slåttebruk i overgangsperioden seinmellomalder – tidlig-moderne tid [Solem 2011]. Bygda vart lagt aude av Svartedauden, og fram mot 1500 er det grunn til å rekne med berre spreidd og tilfeldig busetting.[21] Det verkar ikkje sannsynlig at det var behov for å dra langt til fjells for å hente krøtterfôr når det var rikelig med

[20] For 1865 og 1875 er tala henta frå folketeljingane. Tala for 1890 og 1900 er frå Sømark, s. 30. Der er ikkje kjelder oppgitt. Det synest klart at 1890 refererer til folketeljinga det året. 1900 tyder også på folketeljing som kjelde, det er berre det at i folketeljinga 1900 vart ikkje talet på krøtter og utsæd oppgitt, berre om det fanst noko av dei ulike dyreslaga og kornsortane. For 1907, 1917, 1929, 1939, 1949 og 1959 ligg jordbruksteljingane til grunn. Sømark har også med tal frå dei fire første teljingane, men opererer med andre tal for enkelte krøterslag. Det er til dels store avvik, og det er uklart korleis desse tala er komme til.

[21] Sømark, s. 22.

tilgangar rundt dei få gardane som fanst. Når folkeveksten derimot tok seg opp att både i sjølve Budalen og i tilgrensande område, er det langt lettare å førestille seg at folk prøvde å nyttiggjere seg gode slåtteområde i fjellet. Dei var sikkert kjent med førekomstane gjennom jakt og fangst.

Når ein kjem fram på 1600-talet, finn ein indikatorar som stadfestar beiting. [Solem 2011]. Det er også meir kølstøv i prøvane, noko som tyder på at folk oppheld seg på staden [Solem 2011]. Dette gjeld området Storbekkøya. Ein veit at Budalsgardane brukte Storbekklia på denne tida. Den eine Budalsgarden vart registrert med 27 storfe, 14 sauer og 13 geiter i 1657. I 1723 vart garden registrert med sæter i heimrøsta, og dei betalte 12 skilling årlig for ei engløkke i allmenningen. Heime på garden dyrka dei bygg, men jorda var frostlendt og uviss. Utsæden var på ei tønne.[22] Den andre Budalsgarden hadde, inkludert kår, 22 storfe, 18 sauer og 8 geiter. I 1723 vart denne garden registrert med skogsæter og god beitemark, og dei bygsla eit engeslette i allmenningen for 12 skilling årlig.[23] Alle desse opplysningane frå 1600-talet og tidlig 1700-tal fortel om aktivitet som delvis er knytt til gardsområdet og heimrøsta og delvis til Storbekklia. 2 skilling i engsletteskatt skulle motsvare 1 vinterlass høy, så dei hausta sikkert 12 lass høy til saman i dette slåtteområdet, og det kan ha vore enda meir.

Figur 3.12. Slåttebua til Teigen (173/3) i Storbekklia. Bua ligg ved kulturstien som har utgangspunkt på Storbekkøya museumssæter. Denne bua er veldig stor og fin og er nok ikkje heilt representativ for slåttebuene i Budalen. Bildet er tatt 2010. Foto: Aud Mikkelsen Tretvik.

Frå Storbekklia er ikkje vegen lang til Storbekkøya. Ein har ikkje skriftlig belegg for at sætring hadde starta i dette området allereie midt i 1600-åra, og det er ingen ting som tyder på at Budalsgardane hadde sæter i allmenningen på den tida, sidan sætrene i heimrøsta er eksplisitt nemnt i 1723. Derimot oppheldt folk seg i Storbekklia fleire dagar i trekk i samband med slåtten, og på Storbekkøya dreiv folk med utvinning av tjære og brenning av køl som kravde at dei var til stades fleire dagar samanhengande, så kølstøv er heilt klart å forvente i tilknyting til desse aktivitetane.

Tabellen nedafor tar avspark i tal frå kvegskatten i 1650-åra. Denne viser svært høge krøttertal, og det er grunn til å rekne denne skattelista som temmelig komplett. Annleis er det med kjelda frå 1723 som var eit forarbeid til ein ny matrikkel som det ikkje vart noko av. Arbeidet møtte store protestar, og folk prøvde generelt å oppgi lågare tal enn dei reelle. Dessutan var dei reelle tala lågare enn dei hadde vore i tida forut på grunn av tap i samband med Store nordiske krig, i Trøndelag særlig ved Armfeldt-togets herjingar og tilsvarande hendingar frå dei norske styrkane si side.[24]

Målt i høve til folketalet var det i alle fall store buskapar i Budalen midt på 1600-talet. 26 gardar/plassar hadde til saman ca. 400 hestar/storfe, det vil seie om lag 15 per bruk i gjennomsnitt. Til samanlikning var det ca. 800 hestar/storfe i 1865. Dette fordelte seg på 90 gardar/plassar, noko som gir om lag 9 per bruk i gjennomsnitt. I gjennomsnittstala skjuler det seg både store og små bruk, men tendensen er at fedrift var blitt relativt mindre viktig for levebrødet til folk.

På 200 år var det i alle fall ei dobling i talet på hestar/storfe, så det betydde eit kraftig press på dei ressursane som var tilgjengelig. Sauetalet var fleirdobla, geitetalet derimot var redusert til ein liten del i høve til 1660-åra. I tillegg til tala for Budalen kjem tal for gardar i Singsås og Støren som nyttiggjorde seg utmarksressursar her, men desse er vanskelige å skilje ut, jamfør det som er skrive om avgrensingsproblem innleiingsvis.

I tabellen over finn ein også opplysning om åkerdyrking på ulike tidspunkt. Det er registrert same mengde kornutsæd i 1865 (19 7/8 tønne) og i 1875 (19 1/3 tønne), men heilt ulike kornslag. Utanom potet vart det i 1865 dyrka så å seie berre

[22] Sømark, s. 183.
[23] Sømark, s. 194 f.
[24] Dyrvik 1978, Bull og Dybdahl 2005.

bygg. Det var berre på Storrød at dei dyrka havre. I 1875 var potetdyrkinga på om lag det same som ti år tidligare – ca. 5 % auke i utsæden – men korndyrkinga var altså lagt om. I 1875 har ein heilt slutta med bygg. Det vart berre dyrka litt bygg på Storrød og på Storbudal. Det var rugen som hadde tatt over, i tillegg til litt havre og blandkorn (bygg og havre). Rugen må vere haustrug og kan henge saman med overgang frå graut og flatbrød til brød stekt i omn som viktig del av kosthaldet. Det var elles generelt ei satsing på rugdyrking her til lands frå slutten av 1800-talet, men det avtok igjen ut på 1900-talet.[25]

Krøttertalet er alt i alt lågare i 1875 enn i 1865, særlig ser det ut til at hestetalet har gått ned, men tala som er framskaffa for 1890 og 1900 viser eit hestetal på om lag same nivå som tidligare, slik at det var ein mellombels situasjon, om det da ikkje er mangelfull registrering. I alle fall varierte hestetalet mykje mellom gardane. I 1865 var det 52 bruk med hest, av desse 14 med to eller tre hestar, og 38 bruk utan hest. I 1875 var det 42 bruk med hest, av desse berre fem som hadde to eller tre hestar, og det var 45 bruk utan hest.

Viss desse tala er riktige, vart tilgjengelig trekkraft i bygda i løpet av desse få åra kraftig redusert. Ei mulig forklaring kan vere at hestar vart rekvirert i samband med jernbanebygginga i 1870-åra. Sidan åkerdyrkinga var av same omfanget som tidligare, var det i utgangspunktet behov for like mykje trekkraft i jordbruket. På dei minste gardane med så lite utsæd som 1/8 tønne på mange bruk, og heilt ned mot 1/12 og 1/16 tønne på nokre få plassar, var det likevel ikkje meir arbeid på åkeren enn at det kunne gjerast med handmakt.

Det er i alle fall vanskelig å sjå at det skulle ha blitt nedgang i transportbehovet. Det var ein auka handverksproduksjon som skulle ut på ein marknad lokalt, regionalt, nasjonalt, og desse varene trong transport. Når Rørosbanen kom i drift, vart det etter kvart berre behov for å frakte varene til næraste stasjon, enten på Kotsøy eller Rognes. Det gjekk også å frakte varene til Støren og få dei brakt vidare derifrå med tog, for frå 1864 gjekk det jernbane frå Støren til Trondheim, men varene måtte likevel stykket frå Budalen og ned til Støren stasjon. Soknedal stasjon vart sjølvsagt også eit alternativ frå kring 1920 når Dovrebanen vart sett i drift. – Hestetalet var oppe på kring 80 frå hundreårsskiftet og utigjennom mellomkrigstida, og nådde ein topp på heile 110 hestar i 1949, før det sokk igjen mot slutten av 1950-talet. Da var traktorens tidsalder like rundt hjørnet.

Storfetalet ser ut til å ha variert ein god del, utan at ein kan seie noko sikkert om fôrbehov og beitetrykk av den grunn. Ei ku i 1920-åra var ikkje det same som ei ku i 1860-åra. Fram mot slutten av 1800-talet byrja betre avl å gjere seg gjeldande, andre krøtterrasar vart kryssa inn, og det var i det heile ei aukande interesse for feavl. Frå hundreårsskiftet og fram til andre verdskrigen ser storfetalet å ha lege på mellom 720 og 790, og så fall det til mellom 600 og 700 i etterkrigsåra.

Sauetalet har også variert, frå 1047 i 1865 ned til under 800 kring hundreårsskiftet, så opp til over 1200 i 1939 og aukande til over 1900 på slutten av 1950-talet. Frå 1916 vart det satsa medvitent på avl av sau. Det vart stifta saueavlslag og folk reiste på utstillingar for å vise fram det dei hadde klart å avle opp. Det var også premiering på desse fesjåa.[26]

Geitehald har ikkje vore av noko stor betyding i nyare tid. Mens det i 1660-åra vart registrert heile 184 geiter, kom det i mellomkrigstida opp i 96 geiter på det meste. I 1875 ser det ut til at det ikkje finst geiter i det heile. Det kan vere ein registreringsfeil, men det kan også vere at det eksisterte forbod mot geitehald ei tid. Geita er hard mot ungskogen, og mot slutten av 1800-talet var det om å gjere å oppelske skogen. Det er ikkje umulig at det vart innført eit lokalt forbod mot geit ein periode for å ta vare på ungskogen. Grisen derimot var i frammars, frå berre nokre få i 1865 til nokre titals utigjennom 1900-talet, slik at det var ein gris i jamt over annakvart hushald.

Når vi ser ervervsopplysningane på personnivå i 1860- og 1870-åra saman med landbruksoppgåvene, trer det fram eit bilde av ei større differensiering i sysselsetting der relativt færre syslar med landbruk og atskillig fleire syslar med handverk og nokre få også med litt tenesteyting. Det er overgangen til moderne tid vi ser spor av, men vi ser også ei bygd som nok har nådd eit mettingspunkt når det gjeld sysselsetting og levebrød innafor landbruket. Som nemnt tidligare, var det ikkje berre husmannsfolk som var sysselsett med handverk av ulike slag, og da særlig trearbeid, mange i gardbrukarhushalda dreiv også med slike sysler eller attåtnæring.

[25] http://snl.no/rug, sist nedlasta 3.7.2011.

[26] T.E. 13.11.2009.

Årstal	Hestar	Storfe	Sau	Geit	Svin	Bygg	Rug	Havre	Blandk.	Potet
1657/8[27]		398[28]	194[29]	184						
1723[30]	19	289	101	47						
1865	69	739	1047	53	4	17 1/8	0	2 ¾	0	79
1875	49	517	984	0	22	¾	15 5/24	7/8	2 ½	82 5/8
1890	66	473	804	38	18					
1900	69	618	775	18	22					
1907	81	719	774	20	78					
1917	79	790	745	32	57					
1929	81	720	966	96	26					
1939	83[31]	790	1231	42	24					
1949	110	602	1589	65	35					
1959	77	673	1910	2	31					

Figur 3.13. Krøttertal og utsæd i tønner i Budalen 1657/58-1959.[32]

Figur 3.14. Hesten var ein trufast ven ved heimkøyring av høy frå sætermarka. Fleire bønder køyrde saman, det var ikkje uvanlig at 10-15 hestar kom i følgje. Transporten gjekk som regel føre seg i mars månad. For dei som høyrde til langt unna, tok ein slik tur to-tre dagar. Tovmo var fast overnattingsplass for fleire bønder, andre overnatta i Budalsøyen. Denne transporten opphøyrde i tiåret etter andre verdskrigen. Lassa på bildet blir køyrd på doning. Informant/eigar: Svein Tovmo. Foto: Trøndelag Folkemuseum, ref.nr. 46571.

[27] Tal frå kvegskatten 1657-58, gjengitt i Sømark, s. 29.
[28] Innrekna hestar.
[29] Innrekna grisar.
[30] Tal frå prøvematrikkelen 1723, gjengitt i Sømark, s. 29.
[31] I jordbruksteljinga 1949 står det oppgitt 86 hestar for 1939.
[32] Tal frå seinare jordbruksteljingar er ikkje tatt med på grunn av endra kommuneinndeling.

Figur 3.15. Vollaråa med frå v. gardsbruka Volden (180/1), Nysetvoll (180/3) og Råa (180/2). Snekkarverkstaden i Råa visast i forgrunnen. Han vart bygd 1910-12. Informant/eigar: Per Vold/Leif Lenes. Foto: Trøndelag folkemuseum, ref.nr. 48550.

Ervervssituasjonen i 1900 er minst like interessant som nokre tiår tidligare. Av dei 99 husstandane er det berre 24 eller om lag ein firedel som lever berre av landbruk. Nesten alle dei resterande er involvert i handverk av ymse slag, og nokre få er i handel og tenesteytande næringar. Det finst både skreddarar, kvinner som driv med spinning og strikking, skomakarar, smedar, urmakarar, bokbindarar og rokkmakar, men det handverket som sysselsette dei langt fleste vaksne menn, var trearbeid i form av møbelsnekkering og stolproduksjon. 54 (55 %) av husstandane var involvert i slikt trearbeid. Ei registrering på enkeltpersonar viser at i alt 87 karar var sysselsett med denne verksemda. Det var ikkje langt unna halvparten av alle vaksne, arbeidsføre karfolk. På loft eller i uthus dreiv dei altså på og dreia og snekra produkt som på det tidspunktet hadde festna seg under namnet budalsstolar.

Einar Voll refererer ei kjelde som seier at bonden og snekkaren Arnt Svartdalsås frå Budalen spikka saman den første budalsstolen ein gong i 1820-åra.[33] Det er vanskelig å finne opplysningar i folketeljingar og bygdebøker som stadfestar denne opplysninga. Einar Voll refererer vidare at mannen som tok opp produksjonen av bogestolar i stort monn, var ein som heitte Ole H. Storløkken. Han selde mange slike stolar.[34] Det er heller ikkje lett å få denne opplysninga til å stemme med data frå folketeljingane. Ein finn ein Ole Hanssen som var husmann med jord på plassen Nordre Storløkken i Støren sokn i folketeljinga 1875. Han var fødd i 1819 og hadde ein son Hans Olsen, f. 1844, som var snekker. Dette passer ikkje heilt godt med Budalen. Derimot finn ein ein Ole Hanssen som var husmann med jord på plassen Bjørnvoll i Budalen i 1875. Han var fødd i 1829 og var gift med Ingeborg som var fødd i 1834. I 1900 var han død, men Ingeborg levde framleis, og ho hadde ein son Lars som dreiv med jordbruk og stolproduksjon og enda ein son som var sysselsett som stolmakar. Det var dessutan ein husstand til på garden der det var ein som livnærte seg av å lage stolar.

Utstyret var enkelt for denne stolproduksjonen til å byrje med, fortel Einar Voll. Loftet over storstuggu vart som oftast nytta til verkstad, og utstyret var som regel ein høvelbenk og ein trødreie-

[33] Voll, s. 423.

[34] Voll, s. 424.

Figur 3.16. Vinsnesgardane i Singsås skaffa seg sæter i allmenningen mellom Storbekken og Tverrbekken først på 1800-talet. På bildet ser ein bua på den øvre av vollane. Sæterdrifta tok slutt her omkring 1950. Bua har seinare vore i bruk i samband med sauesanking. Fjøset har for lengst falle i ruin. Bildet er tatt 2010. Foto: Aud Mikkelsen Tretvik.

stol ved sidan av litt handverktøy. Materiala vart tørka over omnen i stuggu. Etter kvart vart produksjonen spesialisert noko når det gjaldt utstyr. På nokre gardar vart det sett opp eigne verkstadbygningar, det kom elektrisitet og produksjonen vart utvida. Trulig var produksjonen størst i 1930- og 40-åra. Den held seg litt oppe i dei første etterkrigsåra, men på grunn av omlegging i jordbruket vart det vanskelig å kombinere. Midt i 1960-åra vart det så etablert ein fabrikk som vart kalla A/L Budalsmøbler. [35]

Ei viktig forklaring på det intensive sæter-/utmarksbruket i siste del av 1800-åra, er utan tvil muligheit for anna sysselsetting i form av handverk av ymse slag. Utan trearbeid, snekkering, med vidare som i ein stor grad var marknadsorientert, ville ikkje folk ha kunne livnært seg av så små plassar og bruk. Budalen tolte så vidt ein så oppdelt bruksstruktur fordi det fanst anna levebrød ved sidan av. Ein kan til dømes saman-likne med nabobygda Ålen der gruvedrifta gjorde det mulig å ha ei ekstrem bruksdeling slik at gjennomsnittsbruket i mellomkrigstida berre var på 26 daa.[36] Begge bygder var fullstendig avhengig av eit omfattande utmarksbruk med utnytting av alle tilgjengelige ressursar.

Dynamikken i næringsutviklinga må sjåast i høve til befolkningsutviklinga. På 1600-talet budde det enno lite folk i Budalen, men det auka på gjennom 1700-åra og bortimot dobla seg i løpet av 1800-åra. I det bildet høyrer det også med at mange flytta ut, mange av dei emigrerte til Amerika. Bygda var ikkje i stand til å absorbere folkeveksten.

Vidare var det sterke interesser frå nabobygdene i ressursane som fanst i Budalen. Særlig frå slutten av 1700-talet ser det ut til å ha blitt ei auka interesse for ekspansjon inn i sæterdalane i Budalen. Nesten alle sætrene tilhøyrande singsåsbygg ser uttil å ha blitt tatt i bruk i tidsrommet 1780-1800.[37] Det blir fortalt at det nærast var eit kappløp om

[35] Voll, s. 425.

[36] Tretvik 1998, s. 390.

[37] Institutt for samanliknande kulturforsking 1934, sjå også lengre ut.

Figur 3.17. Osøyvollen er den vollen som ligg lengst sør i Synnerdalen. Den var i bruk frå 1780-åra. Vollen vart brukt til fritid over mange år til han vart tatt i bruk som sæter igjen for nokre få år sidan. Bildet er tatt 2010. Foto: Arne Martinsen.

dei beste fjellbeita. Det var også rekna for å vere tryggare for rovdyr opp mot fjellet, i alle fall for ulven.[38]

Grytdal, Hetling og Bakken skal ha vore dei første som tok seg ut sæter i Synnerdalen. Det var slektskap mellom dei tre gardane, og tradisjonen fortel at dei drog sørover med kvar si dør for å setje i ei jordkoie i den nye sætertrakten. Dette skal ha vore kring 1790.[39] I 1806 fekk Vinsnesgardane bygsel på "tvende Sætervolde beliggende imellom tvende Bække kaldet Storbækken og Tværbækken" i allmenningen. Ifølgje tradisjonen ville dei eigentlig til Flottan sør for Rognesvollen, men fann ut at Storbekkdalen var vel så god. Dessutan var det framleis nær slektsskap med Storbudalen som hadde brukarinteresser her, slik at sætring kunne bli godtatt av dei. Vinsnesfolka fekk kongeskøyte på dei tre vollane i 1830-åra.[40] Tilsvarande fekk Øyan bygsel på sæter i Storbekkdalen i 1808, på det området som blir kalla Tangvollen. Dei fekk kongeskøyte i 1832, men sætra vart seld i 1876 til eit par andre singsåsgardar. Øyan hadde allereie i 1865 kjøpt ein part av Busetvollen i Synnerdalen, og her blir det framleis sætra av Øyan-gardane.[41] Brukarane på Sætereng og Buset fekk bygselbrev på sæter i Synnerdalen i 1810, og i 1839 vart det utstedt kongeskøyte på Sæterengsvollen.[42] Osøya er enda ein singsåsgard som erverva kongeskøyte på sæter i allmenningen, skøytet vart her utstedt i 1832. Partar av denne eigedomen er seinare seld til budalingar og singsåsbygg.[43]

[38] Hovstad 1992 (1958), s. 85.
[39] Rød 1994, s. 347.
[40] Rød 1994, s. 300.
[41] Rød 1994, s. 333.
[42] Rød 1994, s. 459.
[43] Rød 1994, s. 139.

Figur 3,18. Gjertrud Foros startar frå Budalen på tur over fjellet. Informant/eigar: Svend Høen/Per L. Foros, Bjørgen. Foto: Trøndelag Folkemuseum, ref.nr. 48861.

Enkelte av etableringane var langt frå garden, og med visse unntak er det slik at dei som hadde gardane sine lengst unna, det vil seie i Singsås, også fekk sætre lengst inn i Synnerdalen. Budalingane hadde heimsætre, vår- og haustvollar, og mange av desse vart etter kvart tatt i bruk som husmannsplassar eller småbruk.[44] I folketeljinga 1865 finn ein mellom anna ein losjerande dagarbeidar med kone og to halvstore born på Småvollen, Peder Krigsvolls haustsætervoll. Det er elles fleire gardsnamn som vitnar om fast busetnad på tidligare sætervollar, som til dømes Bonesvollsæter, Endalsvoll og Storrøsæter.

Ressursane vart nytta til det ytste og med høg grad av næringsvett. Det gjaldt å skaffe levebrød for den enkelte husstanden. Kva som lønte seg best, kunne variere med forsyningsbehov og marknadssituasjon, og innsatsen i dei ulike syslene vart nok justert for at det skulle bli mest mulig rekningssvarande, viss folk på nokon måte hadde handlingsrom.

Ei justering som kjem i andre halvdel av 1800-talet, er meir marknadsinnretning i mjølkeproduksjonen. Landbruket vart ikkje det same etter at dampdrivne transportmiddel kom i drift. Med dampskip og jernbane kunne billig korn frå oversjøiske område innførast til Noreg, og det vart meir spesialisering på feavl, særlig i fjellbygdene. Dei som dreiv med feavl i nærheita av befolkningskonsentrasjonar, kunne selje ferskmjølk til konsum, men i meir spreiddbygde strok var vidareforedling tingen.[45] Lenge gjekk smørkinning og ostkoking for seg på sætra. Mot slutten av 1800-talet vart det organisert smørlag som tok vidare hand om smøret og stod for distribusjon og sal. Det skjedde på Bogen og Vinsnes i Singsås i 1886, seinare også på Forsetmoen.[46]

I 1850-åra vart det bygd køyreveg frå Storbudalen til sætrene i Synnerdalen. Denne vegen vart utbetra til bilveg i 1935-40.[47] Det var naudsynt framleis å nytte utmarksareala for å ha nok beite, da det var for knapt med areal heime på gardane til kulturbeite. Vegen gjorde at sæterflyttinga vart enklare, og den gjorde også at tilgangen til mark-

[44] Reinton 1961, referert etter Bele i Olsson (red.) 1995, s. 24. Finn ikkje referansen hos Reinton.

[45] For oversiktsframstillingar over landbruksutviklinga i regionen i perioden, sjå Sandvik 2005 og Tretvik 2009.

[46] Hovstad m.fl. 1992 (1958), s. 76.

[47] Reinton 1961, s. 449.

Figur 3.19. Stikking av sæterveg i Synnerdalen. Frå venstre Johan Einar Bakken, Per Troøyen, Jens Næsgård, Bergsvein Bjerkli og Per Tjønnås. I bakgrunnen ser ein Bakkvollen. Fotograf Johan J. Bakken. Foto: Trøndelag Folkemuseum, ref.nr. 46537.

naden vart lettare. Frå 1929 kunne avdrøtten sendast til Kotsøy der Singsås meieri var blitt etablert.[48] Mjølkehenting frå sætrene i Budalen starta i 1963. Til å byrje med køyrde mjølkebilen tredjekvar dag, men frå 1995 var det annakvar dag. Med henting av mjølk var det ikkje naudsynt med fullsæterdrift lenger, ein kunne gå over til mjølkesæterdrift.[49]

[48] Hovstad m.fl. 1992 (1958), s. 77.

[49] Bele i Olsson (red.) 1995, s. 24.

Taloppgåve over sætre får ein i jordbruksteljinga i 1907, da det er oppgitt å vere 84 sætre i drift i Budalen. Undersøkinga som vart gjort først på 1990-talet, viser ei gradvis avvikling av desse sætrene, med 5 før 1940, 8 i tidsperioden 1940-49, 26 i perioden 1950-59, 35 i tiåret 1960-69, 21 i tida 1970-79 og 8 i tida 1980-89.[50] Dette blir 103 nedlagte sætre, og med 16 som framleis var i drift, blir det 119. Dette går ikkje i hop med talet 84 frå 1907. Det manglande samsvaret kan skyldast fleire forhold. Det kan skyldast ulik områdeavgrensing, jamfør avsnittet framom om avgrensingsproblem, det kan skyldast misvisande informasjon frå informantane på 1990-talet,[51] og det kan skyldast endringar som har skjedd i tidsrommet 1907-1940.

Men talet på 84 som er oppgitt med referanse til jordbruksteljinga 1907, stemmer ikkje same kva ein held det saman med, og det synest klart at oppgåva gjeld sætre nytta av budalingar, altså at sætre knytt til gardsdrift i Budalen er utgangspunktet. I same jordbruksteljing er det registrert 301 sætre i Singsås og 134 i Støren. Dette er talet på sætre nytta av gardar i desse herada, og mange av desse sætrene låg i Budalen. Det er grunn til å tru at det totale talet på sætre ved hundreårsskiftet var rundt det Joh. Bakken registrerte i 1934, nemlig 162. Av desse låg 75 i Synnerdalen, 70 i Endalen, 6 i Tågå og 11 i Budals heimrøst. 22 av dei 162 var nedlagt før 1934, og i 1944 var ytterligare 5 ikkje i bruk, slik at det da var netto 135 sætre i drift.

Oppgåvene frå 1990-talet er basert på opplysningar gitt av eigar/brukar på det tidspunktet og omfattar sætre i alle område av Budalen. Det er i utgangspunktet ei fullstendig registrering av alt sæterbruk, altså inkludert brukarar både i Budalen, Singsås og Støren. I dette materialet kan det liggje fleire feilkjelder. Vedkommande eigar/brukar kan ha hatt manglande informasjon eller kan ha hugsa feil. Det kan også ha blitt feil i registreringane. I ein del av tilfella har andre registrert for vedkommande eigar/brukar, så her kan det mellom anna ha oppstått feil i overføring av data.

Eit moment som er verdt å nemne i forhold til det totale talet på sætre, er systemet med fleirsæterbruk. Vel halvparten av singsåsbyggen som sætra i Budalen i første del av 1900-talet, hadde heimsæter i bruk (16 av 30).[52] For Singsås samla sett hadde 69 % to eller fleire sætre, 38 % av støresbyggen hadde det, men berre 10 % av budalingane.[53]

Som vi skal sjå nedafor, skjedde det ei rekke endringar i drifta på sætrene i første del av 1900-talet, mellom anna i talet på sætre som var i bruk. Det er her tatt utgangspunkt i materialet frå Institutt for samanliknande kulturforsking. Dette materialet vart registrert i 1934 og ajourført per 29.5.1945 og ligg mykje nærare i tid til drifta på tidlig 1900-tal enn det oppgåvene på 1990-talet gjer. Dessutan var registratoren, utskiftingsformann Joh. Bakken, ein mann som hadde veldig gode lokalkunnskapar, noko som gir materialet stor påliteligheit.

Vi ser av denne tabellen at det var kjent 162 sætre i 1934. Dei fordelte seg på fem område, nemlig heimemarka, Tågå allmenning, søndre og nordre del av Budal allmenning og Endal allmenning. Her var det interessentar frå både Budalen, Singsås og Støren. For Budal allmennings del var det på det maksimale 75 sætre, 45 drivne av budalingar og 30 av singsåsbygg. 45 av sætrene låg i Nordre allmenning, og 30 i Søndre allmenning. Av dei som låg i Nordre, var 2 nedlagt før 1934, men ingen i Søndre. I tidsrommet 1934-1944 vart 2 nedlagt i Nordre og 3 i Søndre. Det var med andre ord framleis 68 sætre i drift berre i Budal allmenning ved ajourføringa i 1945.

Tala frå undersøkinga i 1990-åra viste 98 sætre nedlagt mellom 1940 og 1989, og 16 framleis i bruk på registreringstidspunktet, i alt 114. Det er framleis ein differanse på 21 i høve til talet 135 frå 1944.

Sjølv om oppsettet i tabellen øverst på neste side gir ein bra oversikt over endringar i sæterdrifta, får ein fram eit heilt anna dynamisk mønster ved å sjå på detaljar om den enkelte sætra. Da viser det seg at sætrene er etablert til mange ulike tider. Bildet er enklast når det gjeld dei 30 sætrene tilhøyrande singsåsbygg. Der er 5 etablert kring 1780, 11 kring 1800, 4 kring 1890 og 6 i 1923. Dei 4 siste har ikkje etableringsår oppgitt. Det gjaldt Grytdalsvollane og Hetlingvollane, som ikkje hadde vore i bruk sidan høvesvis 1932,

[50] Bele i Olsson (red.) 1995, s. 24-25. Det må takast atterhald om at verdiane på søylediagrammet er rett avlest. Opplysningane er ikkje gitt tabellarisk.

[51] Rapporten frå 1995 har ingen kritisk drøfting av dette kjeldematerialet.

[52] Institutt for samanliknande kulturforsking, sjå også lengre ut.

[53] Reinton 1961, s. 53.

Område	I bruk 1944	Nedlagt før 1934	Ikkje i bruk 1944	Sætre i alt
Budal, heimemarka	4	5	0	9
Budal, i Tågå	2	2	0	4
Budal, i Nordre allmenning	36	2	0	38
Budal, i Søndre allmenning	7	0	0	7
Budal, i Endal allmenning	39	5	0	44
Singsås, i Tågå	2	0	0	2
Singsås, i Budal heimrøst	2	0	0	2
Singsås, i N. allmenning	5	0	2	7
Singsås, i S. allmenning	20	0	3	23
Støren, i Endal	18	8	0	26
Sætre i alt	135	22	5	162

Figur 3.20. Sæterbruk i Budalen registrert 1934/1944.

1928, 1926 og 1926, men etter det som er nemnd lengre fram, skjedde etableringa kring 1790. Ein kan med andre ord konstatere at 20 vollar tilhøyrande singsåsbygg vart etablert i tidsrommet 1780-1800.

Bildet av sætre brukt av budalingar er mykje meir innvikla. For 24 av dei får vi berre opplyst at dei er i bruk. Forskjellige merknadar er knytt til 4 av desse: sætra vart flytta litt lengre nord i 1910, ikkje nytta dei siste åra, ikkje nytta 1932-34, ikkje i bruk enno. Ut frå dette materialet kan vi ikkje seie noko sikkert om etableringsår, men det verkar usannsynlig at det skulle ha vore i den nyaste tid, med unntak av den som enno ikkje var i bruk, og som trulig nettopp var utvist.

2 sætre var nedlagt, høvesvis 1902 og 1914, og 1 var ute av bruk, men i bruk igjen ganske snart. For 18 sætre får ein opplyst etableringsår, sjå tabellen nedafor.

Etableringsår	Tal på sætre
1780	2
1865	1
1897	1
1910	1
1911	1
1915	2
1918	1
1922	1
1924	1
1927	1
1931	1
1932	1
1933	1
1934	1

Figur 3.21. Opplyste etableringsår for sætre tilhøyrande budalingar.

For Skarpmoen blir det opplyst at den vollen var i bruk frå P. J. Storlis tid. Han var fødd i 1702 og døydde i 1800, så det kan ha vore frå 1720-talet og utover.[54] For Storliløkkjvollen blir det opplyst at den vollen var i bruk sidan plassen vart bygsla, noko som skal ha vore ca.1815.

Det som forbausar mest med denne oversikten, er alle etableringane på 1900-talet, 12 i talet. Reknar vi med dei 6 singsåssætrene frå 1923, blir det 18 av i alt 75, dvs. 24 %. Dessutan skjedde det nokre få etableringar også etter 1945. Det generelle bildet ein har av avvikling av sæterbruket på 1900-talet blir med dette vanskelig å få til å stemme. Derimot blir behovet for fôr frå utmarka understreka. For dei som dreiv relativt små gardsbruk med liten muligheit til engdyrking heime, var utmarksbruken framleis ein nødvendig del av drifta.

Som undersøkinga frå 1990-talet viste, har det etter andre verdskrigen vore ein gradvis nedtrapping av sæterbruket. På det tidspunktet var det 16 sætre i drift med mjølkeproduksjon, mens det for 2010 kunne registrerast 11 sætre som framleis var i drift. Da var drifta på ein voll nylig tatt opp att, mens på ein annan voll var det mellombels pause i drifta. – Det visast elles til vedlegg som viser status for sæterdrifta på fire ulike tidspunkt frå 1900 til 2010.

Skogen har vore ein viktig del av næringsgrunnlaget i Budalen gjennom tidene. Skogen har vore nytta til brensel i gards- og sæterdrifta og han har vore nytta til brensel i samband med anna utmarksnæringar som jernutvinning. Skogen har også vore ein nødvendig ressurs for køl- og tjurrubrenning, som i periodar har vore særs viktige ut-

[54] Eggset 2006, s. 169.

Figur 3.22. Nyvollen ved Skarpmoen ligg midt i dalen og har vore brukt under Storli (170/1). Som namnet seier, er vollen av nyare dato, etablert på slutten av 1800-talet. Sæterdrifta gjekk føre seg inntil 1950/60-talet. Vollen blir i dag brukt til fôrproduksjon og er rekna til 20 daa. Bildet er tatt 2011. Foto: Aud Mikkelsen Tretvik.

Figur 3.23. Tidligare høyløe i Nybuslette som no er nytta til vedbu. Store forråd med ved var det på alle gardar og sætre i Budalen. Vedbrøtten kunne dekke heile gavlveggen på bua etter det ein av informantane fortalte. Bildet er tatt 2010. Foto: Berit Broen.

marksnæringar for Budalen og nabobygdene. Skogen har naturligvis også vore byggjemateriale for hus, gjerde, bruer med vidare. Endelig har skogen vore ein ressurs som emne for den rike handverksproduksjonen som har gått føre seg. Det vart søkt ut emne av ulike treslag til dei ulike delane av budalsstolen; ein trong tilgang til både lauvtrevirke og bartrevirke.

I undersøkinga om hogst og bruk av ved som vart gjennomført i samarbeid med Norsk etnologisk gransking fortel medarbeidarane om arbeidsprosessen, sjølvforsyning, salsøkonomi, samfunnsøkonomi, landskapet og tradisjonar knytt til skog. Arbeidet i vedskogen vart gjort til ulike tider av året, avhengig av avstand mellom garden og sætra. Dei som hadde forholdsvis kort sæterveg, gjorde arbeidet med veden på vårparten, før sevja steig. Dei som hadde lengre veg gjorde unna vedhogsten rett etter sætersesongen.

Opplysningane sprikar når det gjeld forholdet mellom vedforbruk og krøttertal. Opplysningane går frå eit forbruk på 2 famn med ein buskap på sætra på 6-7 kyr, til 1 ½ famn på 7-8 kyr. Dette spriket og det at det er berre tre respondentar, gjer at ein ikkje så lett kan generalisere ut frå desse talla. Svara kan basere seg på ulik lange sesongar og reflektere litt ulike tidsperiodar. Svara kan også basere seg på ulike famnmål. Ein gammal famn[55] utrekna etter alen og fot blir 2,2 m^3 mens ein meterfamn[56] blir 2,4 m^3. 2 meterfamnar blir 4,4 m^3, mens 1,5 famn etter gammal reknemåte blir 3,6 m^3. Da blir skilnaden ikkje så stor.

I intervju fortel ein annan informant om 4 famn ved til 8 kyr i løpet av sommaren. Veden vart hogd om hausten og stabla til tørk om våren. Denne vollen høyrer til på Skarpmoen, men veden vart ikkje hogd ved vollen, men helst eit stykke unna husa, i utmarka.[57] Tidligare undersøkingar viser til eit vedforbruk på ½ til ¾ famn per ku under fullsæterbruket til foredling av mjølka til ost og gøbb.[58]

Sjølv om det er noko sprik i taloppgåvene over, gir heilheitsbildet eit klart inntrykk kor omfattande energibehovet var under fullsæterbruket og kor stort innhogg bokstavelig tala sæterbruket gjorde på skogen.

Det var ikkje eigne område reservert for vedhogst. Området rundt sætra vart alltid nytta, blir det sagt av den eine, mens ein annan seier at sæterved skulle hoggast eit stykke frå sætra. Tre rundt sætervollen skulle stå til vern for vind og ruskevêr. Desse utsegnene står ikkje i motsetnad til kvarandre. Dei kan forståast som at ein ikkje skulle hogge dei trea som sto umiddelbart ved sætervollen, men ein hogg likevel i nærheita av vollen. Ein må også hugse på at det var kort imellom vollane, og at ein ikkje kunne trø kvarandre for nære. Dessutan var det allmenningsvedtekter å halde seg til.

I tillegg til bjørk som vedskog vart det brote opp furustubbar til lysved på peisen når kveldane vart mørkare. Sætersesongen var lang, gjerne til slutten av september, og når ein kom ut i august, vart dagen kortare og det vart større behov for lys og brensel. Dessutan blir det av ein medarbeidar peika på eit visst vedforbruk i utmarka vinters tid i samband med jakt og snarefangst. Det kunne gå med ein god del brensel på grunn av dårlige og kalde vinterhusvære. Det har nok vore ein del som har livnært seg av jakt og fangst enten på heiltid, eller som del av eit mangesysleri, jamfør opplysningar frå folketeljingane som er presentert lengre framme.

Arbeidet i vedskogen var mannfolkarbeid. Det gjaldt både felling, kvisting og saging. Kvinnfolk kunne av og til hogge ved, og innebering av veden var det fleire som medverka til, både unge og gamle. Mannfolka, unge som gamle, stod for produksjon frå skog til ferdig kløyvd ved, og "kvinnfolka brænt oppatt" som ein NEG-medarbeidar uttrykte det.

---

[55] 3 alen = 6 fot = 188 cm. Ei famn etter dette målet er 6 fot brei og 6 fot høg av ved som er 1 alen lang, dvs. 1,88 m x 1,88 m x 0,626 m = 2,2 m^3. Ei famn er lengdemål med opphav i kroppsmål; ei famn var så vidt som ein kar kunne famne.

[56] Ei meterfamn er 2 m x 2 m x 0,6 m = 2,4 m^3.

[57] L.S. 13.11.2009.

[58] Bele i Olsson (red.) 1995, s. 21 med referanse til Reinton 1955.



Figur 3.24. Setervolllokalitetar i Budalen. Kart: Marc Daverdin.

Setre

1 Gjerdavollen
2 Budalsøyvollen
3 Lialøkkjvollen
4 Bjerklivollen
5 Bakkvollen
6 Bakkløkkjvollen
7 Søndre Grytdalsvollen
8 Troøyvollen
10 Hetlingvollen
11 Osøyvollen
12 Nordre Grytdalsvollen
13 Storrøssetervollen
14 Nordløkkjvollen
15 Seterengvollen
16 Busetvollen (Monsstu)
17 Busetvollen (Utstu)
18 Busetvollen (Midtstu)
19 Seterengvollen
20 Seterengvollen
21 Busetvollen (Svennstu)
22 Øyavollen
23 Øyavollen
24 Storliløkkjvollen
25 Skogheimvollen
26 Løkkjmovollen
27 Rønningsvollen
28 Rønningsvollen
29 Rønningsgrindvollen
30 Rønningsvollvollen
31 Moavollen
32 Moavollen
33 Moaløkkjvollen
34 Moavollen
35 Vollavollen
36 Råvollen
37 Kjønnåsvollen
38 Øyavollen
39 Vollavollen
40 Moheimvollen
41 Krigsvollvollen
42 Nyrønningshaugvollen
43 Knuthaugvollen
44 Nordistuvollen
45 Norstuvollen
46 Nyrønningsvollen
47 Teigavollen
48 Storbekkvollen
50 Brandeggvollen
51 Brandegghaugvollen
52 Bråten seter?
53 Dalheimvollen
54 Skarpmoen
55 Skarpmoen
56 Nyvollen (Storlivollen)
57 Nyvollen (Solbergvollen)
58 Storbekkrønningsvollen
59 Plasshaugvollen
60 Bruavollen
62 Lyngen seter
63 Sørløkkjvollen
64 Plassvollen
65 Øverlivollen
66 Bjørkåsvollen
67 Tangvollen
68 Tangvollen
69 Nedre Vinsnesvollan
70 Øvre Vinsnesvollan
71 Løkkjåsvollen
72 Eggavollen
73 Solbakken
78 Busetvoll
76 Dalheimvollen
77 Skarpmovollen
80 Ellevsøya
100 Nybuslette

Figur 3.25. Navn på sætervollar. Sætre vist i figur 3.24. er merka med utheva skrift.



Figur 3.26. Prosentvis arealbruk på sætervollar i Budalen ved fem tidspunkt fordelt på 8 kategoriar.



Figur 3.27. Høyløar i Budalen og areal som er hogd eller slått gjennom tida. Kart: Marc Daverdin.





Figur 3.28. Avvikla sæterdrift: Øvre Vinsnesvollan
Denne vollen høyrer til Vinsnes i Singsås. Garden fekk bruksløyve på vollen i 1806 og kongeskøyte i 1830-åra.[59] Vollen vart brukt som langsæter. Vår- og haust-voll låg nærare garden.[60]Mjølkeproduksjonen opp-høyrde rundt 1950, og fjøset hadde falt i ruin allereie i 1980-åra. Sæterstuggu blir nytta av *Budal og Singsås saueavlslag* og er derfor i nokså god stand.
Fotoanalyse: Marc Dverdin,
foto: Aud Mikkelsen Tretvik.

[59] *Singsåsboka*, gards- og slektshistorie (1994), vol. III, p. 300.
[60] Inst. for samanliknande kulturforsking 1934.





Figur 3.29. Dyrka voll for fôrproduksjon: Nyvollen
Denne vollen er brukt under Storli i Budalen, gnr. 170/1. Den ligg i allmenningen og er ei bruksrettsæter. Storli brukte ein annan voll på Skarpmoen fram til andre halvdel av 1800-talet. Den vollen vart seld, og dei etablerte ein ny voll aust for den gamle, derfor namnet Nyvollen. Nyvollen var i bruk inntil 1950-/60-talet.[61] I 1981 er det i SEFRAK-registreringa notert at vollen tidligare hadde lege nær elva og at året 1891 er rissa inn på masstuveggen. I 1999 vart det registrert 20 daa dyrka på denne vollen.
Fotoanalyse: Marc Dverdin,
foto: Aud Mikkelsen Tretvik.

[61] *Gard- og grendeliv i Budalen* (2. utg. 1989), p. 132.



Figur 3.30. Sæter i fortsatt bruk: Kjønnåsvollen. Denne vollen blir brukt under garden Kjønnås i Budalen, gnr. 177/1. Den ligg i allmenningen og er ei bruksrettsæter. Midt på 1700-talet hadde garden berre ein voll i heimeutmarka. Inngjerdinga av denne vollen skal ha funne stad i Peder Pedersens tid. Han var brukar i perioden 1756-1795.[62] Vollen var i bruk på 1930-talet og i 1986.[63] Den var også i bruk i 1999, 4 daa dyrka vart da registrert, og den har også vore i bruk i seinare år. Fotoanalyse: Marc Dverdin, foto: Solfrid Trydal.

[62] *Gard- og grendeliv i Budalen*, p. 237.
[63] SEFRAK-registeret.





Figur 3.31. Gjennopptatt sæterdrift: Osøyvollen. Denne vollen var i bruk frå 1780-åra.[64] Den var i bruk under Nordgarden Osøy i Singsås, gnr. 224. Folket på Osøy fekk bruksløyve på vollen i 1808 og kongeskøyte i 1832. Løyvet inkluderte den inngjerda vollen og beiterettar.[65] Anders Vinsnesbakk på Kotsøy var eigar i 1981. Han brukte vollen som fritidsbustad og i samband med jakt.[66] I dei aller siste åra er vollen tatt i bruk som sæter igjen.
Fotoanalyse: Marc Dverdin,
foto: Arne Martinsen.

[64] Inst. for samanliknande kulturforsking 1934.
[65] Singsåsboka, gards- og slektshistorie, vol. II (1994), p. 138.
[66] SEFRAK-registeret.

3.5.3. Materielle kulturminne (bygningar m.m.)

Av 44 slåttar som vart registrerte i 1994, var det 41det hadde funnest løe og/eller slåttebu ved. 16 av desse stod framleis, 22 hadde forfalle, og for 3 var tilstand usikker.[67] I løpet av dei snart 20 åra sidan desse registreringane fann stad, har enkelte bygningar i utmarka blitt restaurert på sin opphavlige plass, andre er blitt flytta og sett i stand der, mens ein del har falle i ruin, om dei ikkje allereie hadde gjort det på 1990-talet.

Alle desse bygningane knytt til utmarksslåttar har i det store og heile mista sin opphavlige funksjon. Dei kan altså i viss mon bere preg av materiell, visuell og prosessuell autensitet etter istandsetting, men ikkje funksjonell.[68]

Registreringane i 1994 omfatta ikkje høyløer og slåttebuer i Storbekklia. Viss dei var blitt lagt til, ville det dreidd seg om nærare 60 bygningar totalt. Mange av bygningane i slåtteområdet i Storbekklia er i dei siste par tiåra restaurert på staden, og nokre av dei inngår i kulturstien i tilknyting til Storbekkøya museumssæter.

SEFRAK-kontrollane

Det er kontrollregistrert 79 SEFRAK-bygg i landskapsvernområdet. Berre ein del av desse fanst i digitale kartkjelder. I tillegg er det kontrollregistrert 11 SEFRAK-bygg i Storbekklia, rett nordafor verneområdet. Kontrollregistreringane i Storbekklia er trulig ikkje heilt komplett. Dei totalt 90 kontrollerte bygningane fordeler seg slik på bygningstypar:

Bygningstype	Tal
Sæterbu	**27**
Sæterfjøs	17
Kalvhus	2
Masstu	5
Møssmørbu	5
Kokhus	1
Slåttebu	6
Løe	27
Sum	90

Figur 3.32. Tal ulike bygningstypar SEFRAK-bygg.

Sæterbua, masstua, møssmørbua og kokhuset kan plasserast i samlekategorien bustad og bearbeiding/oppbevaring av mjølkeprodukt og anna mat. Nokre stader kunne desse tre bruksfunksjonane vere samla under eitt tak, enten på same plan eller i to høgder.[69] På vollen til Lillebudal var til dømes masstua bygd saman med sæterbua,[70] og på vollen til Storli hadde sæterbua påbygd både kokhus (møssmørbu) og ei masstu, slik at sæterbua hadde tre funksjoner i eitt.[71] Også på Overlivollen ligg masstua samanbygd med sæterstuggu, mot nord, der det er jamt kaldt heile året. Dei prøvde å innreie dette rommet til soverom, men det var rett og slett ikkje egna til det.[72] Denne historia fortel mykje om folks kunnskap og innsikt når det gjaldt mikroklimatiske forhold av betyding. – Når det her er registrert særskilte masstuer, møssmørbuer og kokhus, er det bygningar som er bygd separat i høve til sjølve sæterstuggu.

Tilstand	1980-t.	2010/11
God stand	33(37 %)	57 (63 %)
Byrjande forfall	45 (50 %)	10 (11 %)
Framskride forfall	07(7,5 %)	05 (5,5 %)
Ruin/borte	05 (5,5 %)	15 (16,5 %)
Usikker	00 (0 %)	03 (3 %)
Sum	90 (100 %)	90 (100 %)

Figur 3.33. Tilstand SEFRAK-bygg 1980-talet og 2010/11 i absolutte tal og i prosent.

Ein ser av tabellen over at ein større del av bygningsmassen er i god stand i 2010/11 enn kva som var tilfelle 30 år tidligare. Tilsvarande er det langt færre som er i byrjande forfall, mens det er om lag same tal bygningar som er i framskride forfall. På 1980-talet vart 5 av bygningane (5,5 %) registrerte som ruin eller borte på grunn av riving. I 2010/11 gjaldt det tre gonger så mange, heile 15 (16,5 %). Det er altså 10 nye bygningar som er borte på desse tretti åra. I forhold til den totale bygningsmassen som er SEFRAK-registrert i dette området (90 bygningar), utgjer det 11 %, så per år blir det berre 1/3 prosentpoeng. Dette er eit godt resultat i høve til Riksantikvarens målsetting om å redusere tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø slik at det årlige tapet ikkje overstig 0,5 % årlig innan 2020.[73]

[67] Bele i Olsson (red.) 1995, s. 15.

[68] For meir inngåande drøfting av autensitet når det gjeld gamle hus, sjå t.d. Roede 2007.

[69] Fossgard 1984, s. 76.

[70] A.L. 13.11.2009.

[71] L.S. 13.11.2009.

[72] M.T. 13.11.2009.

[73] Broe og Skogstad 2009.

Figur 3.34. Høyløe på Busetvollan som er istandsett i dei seinare åra. Stokkar er skifta ut, og løa har fått nytt tak med knotteplast, nytt torvhald og nye vindskier. Over inngangen er årstalet 1829 rissa inn. Løa står på sin opphavlige plass, men har ikkje lenger funksjon som løe. Bildet er tatt 2010. Foto: Aud Mikkelsen Tretvik.

Figur 3.35. Tangvollen med fjøs til venstre og masstu til høgre, begge SEFRAK-registrert på 1980-talet. Fjøset er i god stand og har mellom anna fått nytt tak, mens masstua er i byrjande forfall. Bildet er tatt 2010. Foto: Aud Mikkelsen Tretvik.

Det følgjer av denne oversikten at ein større del av bygningsmassen har endra tilstand på desse tretti åra. Mange hus er sett i stand, enten ført attende til opphavlig utsjånad, eller bygd om og på. Mange hus har endra funksjon. Mange sæterbuer er blitt til hytter, og mange løer har fått ny funksjon som vedbuer. Det er i det heile fleire tilfelle av at hus som var i forfall på 1980-talet, blir vurdert å vere i god stand per i dag. Viss ein skulle ha diskutert denne bygningsmassen ut frå begrepet om autensitet, materielt, konstruktivt, prosessuelt, visuelt og funksjonelt, ville ikkje vurderinga ha blitt like positiv i alle tilfelle. Ei slik grundig undersøking av det enkelte objektet har det ikkje vore høve til innafor ramma av dette delprosjektet. – Det visast til vedlagte tabell for oversikt over tilstandsvurderinga.

Det som ikkje går fram av tabellen, er underregistreringane i det opphavlige SEFRAK-materialet. Ved kontrollregistreringane er det observert nokre titals bygningar som har kvalifisert til å bli SEFRAK-registrert, men som ikkje er det. Det gjeld alle bygningstypar og dei har variert plassering i terrenget. I nokre tilfelle kan éi bygning på ein voll vere registrert, som til dømes fjøset, mens sæterbua, som også tilfredsstilte kriteria, ikkje er med. I andre tilfelle kan så å seie alle husa på ein voll vere registrert, mens husa på nabovollen av same alder og utsjånad ikkje er tatt med. Det er inga openberr forklaring på det utvalet som er gjort. Ein kan berre konstatere at det er betydelig underregistrering og peike på det som ei svakheit med SEFRAK-materialet. Viss ein nyttar SEFRAK-registra til å overvake tap av kulturminne, er det ein god del som fell utafor. I tillegg kjem som nemnd tidligare, problemet med mangelfull digitalisering av denne informasjonen. Det ein har oversikt over på den måten, utgjer berre ein brøkdel av den verneverdige bygningsmassen.

3.5.4. Immaterielle kulturminne

UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv som Noreg ratifiserte i 2003, definerer den immaterielle kulturarven primært som ferdigheiter i, ikkje kunnskap om noko. Eksempelvis er kunnskap om folkemusikk ikkje tilstrekkelig vern av denne kulturarven, ein må også ha nokon med ferdigheiter i å utøve han.[1] Ein må likevel kunne seie at immaterielle kulturminne består av både kunnskap og ferdigheiter. Dei immaterielle minna kan vidare vere kopla til ulike materielle minne som til dømes reiskap og instrument. Ferdigheit i å kunne slå med ljå er immateriell kulturarv frå slåtte- og sæterbruket. Ljåen som fysisk gjenstand er uløyselig knytt til denne ferdigheita. Kunnskap om lokale naturtilhøve, til dømes om når det var rett tid å flytte til sæters, er ein annan immateriell kulturarv frå dette saksfeltet, også denne knytt til konkrete forhold.

Tilnærminga til immaterielle kulturminne har i denne undersøkinga i hovudsak vore gjennom kvalitativt intervju. Med utgangspunkt i forteljing om barndom, oppvekst og vaksen alder vart informantane pensa inn på emna gardsbruk, utmarksbruk og sæterbruket spesielt. Informantane skulle fortelje mest mulig fritt, med ope spørsmål frå intervjuaren og med stikkord frå emnelista.[2]

Det som trer fram frå intervjua, er rike univers sett gjennom auga til den enkelte. Det er visse kjønnsskilnadar i erfaringsområde, men med individuelle variasjonar, men det er også store overlapp mellom personar uavhengig av kjønn. Informantane høyrer alle til i same lokalsamfunn[3] og same lokale kultur, og dei fleste høyrde til i det same miljøet også i oppveksten. Samarbeid mellom folk på gardar og sætre blir understreka av mange, likeeins trivselen i samværet i grannelaget, både heime og på sætra.[4] Det er altså i stor grad felles forståingsrammer, ein felles *diskurs*, om ein vil. Her skal kriteria informantane vart utvald etter, understrekast. Dei vart utvalde fordi dei var eller hadde vore involvert i sæter- og utmarksbruk i Budalen. Det er slik sett ikkje overraskande at ein finn mange felles trekk i det informantane fortel om og i måten dei fortel det på. Om ein skulle ha vald ei kontrollgruppe, kunne det til dømes ha vore folk som har flytta ut av bygda, men det har det ikkje vore kapasitet til innafor ramma av dette delprosjektet.

Eit forhold som blir framheva av mange av informantane, er nettopp opplæring i ferdigheiter som ein trong for den tradisjonelle drifta heime og på sætra. Ungane vart opplærd i nødvendige ferdigheiter frå dei var små. Gutane lærte å køyre hest saman med far sin, og lærte å slå med ljå frå dei var store nok.[5] Jentene hadde hovudjobben med å rake høyet, som var ein ferdigheit som også måtte lærast. Ein informant fortel om at ho var med på

[1] UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv.

[2] Sjå vedlagt intervjuguide.

[3] For drøfting av omgrepet lokalsamfunn, sjå Tretvik 2004.

[4] I.L. 13.11.2009.

[5] O.R. 13.11.2009.

Figur 3.36. Sæterbua på Storliløkkjvollen er eitt av mange hus som ikkje er SEFRAK-registrert, men som det er grunn til å tru tilfredsstilte kriteria for å bli registrert, nemlig det å vere eldre enn 1900. På denne vollen vart fjøset og ei løe registrert på 1980-talet, men altså ikkje bua. Bildet er tatt 2010. Foto: Aud Mikkelsen Tretvik.

Figur 3.37. Dette fjøset på Skarpmoen er i framskride forfall, nærast ruin. Bygningar av dette slaget, med torvtak og gjengrodd med tre og annan vegetasjon, er vanskelig å identifisere på flyfoto og dermed vanskelig å digitalisere ved flyfotoanalyse. Kontroll i terrenget er derfor nødvendig. Bildet er tatt 2011. Foto: Aud Mikkelsen Tretvik.



Figur 3.38. Heimflytting frå sætra. Berit Budal (f. Løberg 1905) er på veg frå Sørstuøyen og heim til Solheim (174/4). Turen tok vanligvis tre timar. Ungane hadde som regel til oppgåve å drive kyrne. Legg merke til at Berit har med seg bundinga. Bildet er tatt på 1950-talet. Informant/eigar: Berit Budal/Arne I. Krigsvoll. Foto: Trøndelag folkemuseum, ref.nr. 48572.

slått før ho var konfirmert.[6] Ungane var med mora på sætra, og frå 12-14-års alderen måtte dei delta på tyngre arbeid. Det innebar mellom anna skogsarbeid og henting av høy i utmarka.[7] Alle hjelpte til på garden, fortel ein annan. Kvinnfolka i fjøset, karane tok seg av det som var definert som tungarbeid, dvs. skogsarbeid, men informanten understrekar at kvinnfolkarbeidet også var tungt. Barna hjelpte til der det trengtes.[8]

Ein informant fortel at ho hjelpte til med å mjølke frå ho var ti år gammal. Den same informanten fortel om at ho byrja med foredling av mjølkeprodukt rundt konfirmasjonsalderen.[9] Gutane lærte også mjølking. Ein informant fortel at han lærte handmjølking i seksårsalderen, men det var helst å dra separatoren som var ein jobb for gutane.[10] Også jentene måtte hjelpe til med å dra separatoren viss det trengtes.[11] Ein informant fortel at det var nok meininga at ho skulle bli gardkjerring, for som sjuåring fekk ho ein liten mjølkeask av bestefaren. Så det var vel mjølking ho skulle drive med, seier ho, og så vart ho da også sætertaus.[12]

Eit anna forhold som mange rører ved, er dei uskrivne reglane rundt sæterbruket, noko som tyder på at dei forstår desse som viktige og nødvendige. Det var klare rutinar for sæterflytting og reglar for kva ein kunne utnytte på og rundt sætra. Dyra til den enkelte sætra skulle halde seg i bestemte område. Det var ikkje lov å gå inn på andres område, dette fortel fleire informantar om. Det var veldig viktig å halde dyra på sitt eige beite. Det vart ikkje sett på med blide auge dersom naboens dyr vandra over på ditt beite. Beita var ofte naturlig avgrensa, som for eksempel bekkar eller knausar.[13] Ein annan informant seier det slik: Det var stor fellesskapskjensle mellom vollane, likevel hadde kyrne faste plassar dei måtte gå på. Det var ingen gjerder, men vi måtte halde dei på våre område. Vi følgde dei på vegen om morgonen, men dei kom heim att av seg sjølv, og til det var ei god bjølleku viktig. Bjøllekua vart alltid tatt inn først, mjølka først og fekk gjerne noko litt ekstra godt i vatnet sitt. Kyrne kunne bli litt tregare med å komme heim når det lei utpå seinsommaren og hausten, fordi dei da måtte gå lengre etter mat.[14] Enda ein informant understrekar det same. I motsetnad til i dag, når kyrne går kor dei vil, var landskapet tidligare delt inn mellom dei forskjellige sætene, men utan at det var sett opp fysiske merke eller gjerde i landskapet. Det gjorde at kyrne stadig vekk hamna stader dei ikkje skulle vere, og dei måtte jagast.[15]

Når sesongen på sætra var over, var det ein fast praksis at ein gjekk på besøk til dei næraste vollane, takka kvarandre og fekk smake på sæterprodukta til dei andre. Gøbb vart servert, det var reine festmåltidet. Første helga etter at dei hadde komme tilbake på garden vart kalla sæterhelg. Da åt dei gøbb, fjellaure og rømmegraut. Elles gjekk det mykje i graut og mjølkeprodukt når dei budde på sætra. Ein levde av det ein sjølv laga.

Framleis lager enkelte tradisjonsprodukt som gøbb og skjørost. For dei fleste vil det vil seie at dei har tileigna seg ferdigheita ved å gå med dei vaksne i arbeidet når dei var unge, det ein kallar handlingsboren kunnskap. Men no til dags kjem

[6] I.L. 13.11.2009.
[7] A.L. 13.11.2009.
[8] T.E. 13.11.2009.
[9] J.E. 13.11.2009.
[10] L.S. 13.11.2009.
[11] M.T. 13.11.2009.
[12] G.B. 13.11.2009.
[13] L.S. 13.11.2009.
[14] G.B. 13.11.2009.
[15] B.B. 13.11.2009.

Figur 3.39. Ungane fekk ta del i mykje handlingsboren kunnskap når dei var med i sætermarka, men det var også tid til leik og moro. Her er Ole Einar Budal, Knut Fjeldsø, Per Storbekk, Arne Ingvar Krigsvoll, Arve Bjørkan og Per Sigvar Krigsvoll samla på Teiavollen først på 1950-talet. Informant/eigar: Einar Bjørkan. Foto: Trøndelag Folkemuseum, ref.nr. 46600.

det alle slags krav frå styresmaktene. Det er hygienekrav, og ein må ta kurs i foredling og ha godkjenning frå mattilsynet for å drive med foredling og sal av sæterprodukt. Den gamle kunnskapen er ikkje god nok lenger. Dei gamle budeiene synest mattilsynets innblanding er unødvendig.[16]

Ferdigheiter knytt til jakt og fangst er også ein immateriell arv som i alle fall den eldre generasjonen ber med seg i dag. Dei lærte mellom anna å setje snarer i skogbandet for rypefangst.[17] Observasjonar frå fangst gir forresten grunnlag for å seie noko om endring av skoggrensa, som klart har blitt høgare med åra.

Også andre arbeidsoperasjonar er ein viktig del av kulturarven for mange, som til dømes flatbrødbakinga, som gjekk føre seg eit par gongar om året. Vi er da klart over i kvinnesfæren, der det meste av matlaging og vasking høyrde heime. Klesvasken er det til dømes mange minne om, slik den gjekk føre seg med koking i eldhuset, gniding på vaskebrett og skyljing i bekken. Stell av trekoppane for mjølkebruk er nok eit arbeidsområde. Etter lagring om vinteren var dei sprukne, og dei vart plassert i bekken for å trekke til seg vatn slik at dei trutna. Deretter vart dei fylt med einer. Etter at koppane hadde stått ei stund med eineren, vart dei vaska med reint vatn igjen. Vatnet fekk stå i koppane ei lita stund før det vart tømt ut. Informanten fortel at einer vart brukt fordi han gav god lukt.[18] Det er også grunn til å tru at einer vart brukt fordi han har ein desinfiserande verknad. Bær og bar av einer avgir ved brenning ein gass som er bakteriedrepande og desinfiserande.[19] Denne kunnskapen har nok folk erverva seg gjennom tilfeldig observasjon langt att i tida.

[16] M.T. 13.11.2009.
[17] L.S. 13.11.2009, A.L. 13.11.2009.
[18] G.B. 13.11.2009.
[19] Jonsson 1983, s. 111.

Figur 3.40. Nils Storlimo dreiv snarefangst i kombinasjon med trearbeid. Han sette snarene i Tågåfjellet og gjekk dit annakvar dag for å sjå til dei. Nils kjøpte seg nye ski hausten 1937, men skiparet vart heilt utslitt i løpet av vinteren. På bildet ser ein ein korsgarde som besto av tre snarer. Denne gongen var det fangst i alle tre, noko som var sjeldan. Det utvikla seg nærast ein hevd på bestemte fangstområde for bestemte personar. Bildet er tatt i 1938. Informant/ eigar: Nils Storlimo. Foto: Trøndelag Folkemuseum, ref.nr. 48570.

Figur 3.41. Klara Bjerkli ber mjølk på Liavollen. Sætertausa brukte vasstreet når ho bar mjølka frå fjøset og ned til sæterbua. Avstanden mellom desse husa var om lag 100 meter på denne vollen. Da dei slutta å separere på sætra, vart mjølka tømt i spann oppe ved fjøset. Bildet er tatt ca. 1959. Informant/eigar: Einar Bjørkan. Foto: Trøndelag Folkemuseum, ref.nr. 46601.

Ein informant fortel om at mjølk vart koka opp i ein kjele som tok om lag 30 liter og tilsett tettegras, og etter det stod ho i kjellaren og vart til tjukkmjølk. I løpet av sommaren vart det hatt på nysilamjølk på tjukkmjølka. Når mjølka vart tjukk, vart det hatt vatn oppå, det fungerte som hermetisering, mellom anna for å unngå fluer. Ein var forsiktig når ein helte vatnet på, for det var viktig at vatnet ikkje fekk blande seg med mjølka. Dei som var heime om sommaren, måtte reinse stampane kvar veke. Dei tappa av vatnet, tørka rundt og fylte på med nytt vatn. Vart dette gjort, hadde dei mjølk heime heile sommaren.[20]

Andre informantar fortel også om arbeidet med trekoppane. Når dei kom til sætra, vaska dei koppar og kar av tre som hadde stått over vinteren. Dei vart reingjort med einerlog, som er laga av heile einerkvist kokt opp i ein kjele. Separatoren vart vaska med sodapulver som dei hadde hatt med seg heimafrå. Etterpå skylte dei med

[20] G.B. 13.11.2009.

varmvatn.[21] Same informant fortel vidare om sengekleda. Dei slo stargras til madrassar, tørka og hadde på trekk. [22]

På sætra var det ei eiga tidsrekning. Dei flytta fram klokka ein time, dei kalla det *sæterklokke.*[23] Det svarar til seinare tids sommartid, og kan sjå ut til å vere for best mulig tilpassing til naturforholda. Dette seier i seg sjølv noko om sætermarka som eit eige univers.

Stadnamn er også ein viktig del av den immaterielle kulturarven. Stadnamna er ikkje spesielt granska i denne undersøkinga, sjølv om det hadde vore vel verdt å gjere det. Utsegner i intervjua tyder på eit rikt namnemateriale som kunne ha kasta godt lys over utmarksbruken. Eksempelvis blir det nemnt at dei gamle slåttane i utmarka har mange namn, og desse namna er både etter den som eig teigen og etter bruk eller når den skal brukast.[24]

Namna på vollane er viktige kjelder til kunnskap om kven som har nytta dei. Vollane har som regel namn etter dei gardane/bruka som dei ligg under. Men mange vollar har vore gjenstand for transaksjonar, og dermed kan namnet vere villeiande for mange driftsperiodar. I tillegg til dei offisielle namna finst det ofte eitt eller fleire lokale namn som kan vere knytt til ein spesiell periode, som til dømes Trikjerringbua på Rønningsvollen (Bekkarønning), som kom av at det var tre kjerringar som delte den sæterbua ein gong i tida. Enkelte av dei alternative namna kan dessutan seie noko om forholda på staden, som Tangvollen (ligg på tangen mellom Bua og Storbekken) og enkelte kan seie noko om relativ alder, som til dømes Nyvollen og Gammalbua.

3.5.5. Verdiar og vurderingar

Det er klart at informantane i dette materialet tilmålar livet på sætra og i utmarka stor verdi både økonomisk, sosialt og kulturelt. Sjølv om det var mykje slit, var det også mykje trivsel og moro. Det som var tungt og kjedelig, blir veid opp av dei positive sidene ved det å vere i marka.

Sæter- og utmarksbruket var nødvendig for økonomien i gardsdrifta tidligare. I vurdering av dei økonomiske forholda blir det sagt at det gjekk rundt, økonomien var tilstrekkelig. Det var stort sett likt over heile dalen, ingen gardar stakk seg ut, dei hjelpte kvarandre gardane imellom.[25] Men nokre var litt dårligare stilt enn andre. Ein informant fortel om at det kunne komme nokre å be om å få litt høy til dyra, og det fekk dei alltid.[26] Det var også vanlig at barn frå familiar med tronge og vanskelige kår vart tatt inn og budde på andre gardar saman med andre familiar.[27] – Ut frå desse utsegnene kan ein lese likskapstenking og fellesskap både som ideal og praksis.

Framleis i dag er sæterbruket nødvendig for økonomien i gardsdrifta for enkelte.[28] Dei treng sætra som sæter fordi dei ikkje har nok beite heime, eller dei treng sætra til grasproduksjon for innefôringsperioden. Dette gjeld fleire av informantane. Ein seier det slik: før måtte ein ha sæter for å ha nok beite, i dag seier nokre at dei ikkje har råd til å vere i sætra, eg vil seie at eg ikkje har råd til å la vere.[29]

Enkelte har satsa på meir vidareforedling, mellom anna av økonomiske årsaker. Vidareforedling aukar meirverdien merkbart og dermed fortenesta. Sal skjer gjerne til besøkande på sætervollen. Men det er nok ikkje berre økonomiske grunnar til denne innsatsen. Han gir også muligheit for å føre tradisjonelle produksjonar vidare. Her ligg det fleire lag av meining for den enkelte som har satsa innafor sæterdrifta.

Betyding av gardsdrifta på anna vis enn reint økonomisk blir i det heile tatt understreka av fleire. Faktorar som livsstil, tradisjon og omsorg for kulturlandskapet blir vektlagt. Det blir lagt til at det blir gitt økonomisk tilskot frå det offentlige for å oppretthalde kulturlandskapet.[30] Det er altså ein viss økonomisk stimulans for det som appellerer til meir immaterielle verdiar.

I skildring av livet i sætermarka tidligare legg mange vekt på det sosiale fellesskapet og friheita i høve til nede i bygda. Men sidan det no til dags er så få som driv, blir det lite sosialt liv av det. Men no for tida er det sjølvsagt ein del anna folk som fer og rek, turgåarar og folk som vil handle sæterprodukt. Dessutan er kommunikasjonane betra

[21] I.L. 13.11.2009.
[22] I.L. 13.11.2009.
[23] B.B. 13.11.2009.
[24] J.E. 13.11.2009.
[25] T.E. 13.11.2009.
[26] G.B. 13.11.2009.
[27] M.T. 13.11.2009.
[28] B.B. 13.11.2009.
[29] J.E. 13.11.2009.
[30] J.B. 13.11.2009.

Figur 3.42. Rønningsvollen med dialektnamnet Bekkarønning er også blitt kalla Trikjærringbua av di det ei tid var tre sætertauser her samstundes. Bildet er tatt 2010. Foto: Aud Mikkelsen Tretvik.

Figur 3.43. Gardsbruket Teigen (173/3) driv framleis med mjølkeproduksjon og fôrdyrking på sætra Teiavollen i Synnerdalen. Dette bildet er tatt i 1996 og er sett mot vest. Foto: Torleif Enlid.

slik at ein lettare kan halde kontakten med folk heime i bygda. Men slik ein i sum kan tolke informantane, kan det sosiale livet i sætergrendene i dag vanskelig måle seg med det fellesskapet som var i tidligare periodar. Her rører ein sjølvsagt ved ein generell tendens i samfunnet, nemlig den at det er blitt meir individualisert. Folk er blitt meir sjølvhjelpne, har maskiner og utstyr, og treng ikkje å gå saman og ta samse tak i same grad som tidligare.

Dei kulturelle verdiane kjem nok i tillegg til dei økonomiske for mange av dei som framleis driv sæterbruk. Omsorga for kulturlandskapet som enkelte gir uttrykk for og som dei også har demonstrert i praksis, viser at mange sett dei kulturelle verdiane høgt. Viss det er tilgangar som dei framleis nyttar seg av som beite- og engareal, sæterbuer og sæterfjøs, fell det godt i hop med dei økonomiske vurderingane. Men restaurering av hus som ikkje lenger har nokon funksjon, som til dømes alle høyløene og slåttebuene i Storbekklia, kva for verdiar reflekterer det? Nokre står i tilknyting til kulturstien og tener dermed eit formidlingsføremål, men det gjeld slett ikkje alle. Det gjer inntrykk når folk bruker tid, energi og pengar på å setje i stand hus som dei ikkje lenger har bruk for. Dei får rett nok økonomisk støtte til det, men det er likevel ein stor eigeninnsats. Det er vanskelig å forstå ein slik innsats på annan basis enn kulturelle verdiar.

Ein av dei som har vore mest aktiv på restaurering av kulturhistorisk verdifulle bygningar i slåtte- og sætermarka, seier rett nok at forfall er naturlig, men dei har fått tilskot til å bevare i nyare tid.[31] Med dette har han vist i praksis ein vilje til å bremse forfallet. Med vernestyresmaktenes ord kunne ein snakke om å bremse tapet av kulturminne. Den same informanten seier eksplisitt at husa som står på slåtteområdet har kulturhistorisk betyding. Det var meir som ein park før. Når slåtten vart avvikla, vart området meir gjengrodd, slik vi ser det i dag. Slåtten vart avvikla på slutten av 1950-talet.[32] – I desse utsegnene kan ein lese ein omsorg for den tradisjonelle drifta og ein vilje til innsats for å restaurere noko av det, om enn ikkje slik at det blir som det kulturlandskapet som var tidligare.

[31]T.E. 13.11.2009, T.E. 16.9.2010.
[32] T.E. 13.11.2009.

3.6. Dynamiske bygder – dynamiske landskap

Problemstillinga for denne delundersøkinga var kva påverknad ulik menneskelig aktivitet, både direkte og indirekte via husdyr, har hatt på vegetasjon og landskap, og vidare på kva måte denne aktiviteten har variert over tid og korleis aktiviteten og variasjonane i han kan forklarast. På forklaringssida har det vore sett etter både materielle og immaterielle forhold.

Undersøkinga har skildra den menneskelige aktiviteten over dei siste ca. 350 åra. Ho har vist at det har vore allsidig og omfattande påverknad på vegetasjon og landskap. Det er vidare komme fram at den menneskelige aktiviteten har vore i konstant endring. I enkelte periodar har det vore rask og omfattande endring, ikkje minst på grunn av folkevekst og auka behov for levebrød. I andre periodar har endringane vore så små at dei knapt har syntest; det har berre vore små justeringar av kursen. Endringar i bruken har leda til endringar i vegetasjon og til endringar i landskap. Men også uavhengig av menneske skjer det endringar i naturen; naturen er alltid dynamisk.[33] – Vi avstår her frå å ta den store diskusjonen om menneske og natur og om menneskets plass i naturen.

